Time kulturskule - levande kunst- og kulturopplæring

Verksemds- og utviklingsplan 2026-2027



«Kunsten kan ikke trekkes tilbake, den kan ikke tas ut av verden og tro at verden blir den samme som før - før kunsten»

(Sitat Lars Saabye Christensen)

Del 1 – overordna

Lovforankring - Opplæringslova	s. 3
Slagord – Visjon – Hovudfokus – Pedagogisk plattform	s. 3
Ord om kulturskulen v/elevar	s. 4
Verdiplakaten	s. 5
Kulturskulen - Overordna	s. 6
Styringsdokument for berekraftig kulturskuledrift i Time kommune	s. 6-7
Pedagogisk plattform	s. 7
Kulturskule for alle – modell nasjonal strategi	s. 8
Kulturskulen sitt arbeid: Trygge foreldre - Strategiplan oppvekst område 1	s. 9-10
Foreldreplakaten	s. 10
Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 2 Samhandling for førebygging og tidleg innsats	s. 11-12
Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 3 Inkluderande samfunn	s. 13
Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 4 - Oppvekst og digitalisering	s. 14
Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 5 - Rekruttera og behalde	s. 15
Utadretta verksemd og samarbeid - kulturskulen som lokalt ressurssenter for kunst og kultur i lokalmiljøet	s. 15-16
Den kulturelle skulesekken	s. 16-17
Formidling av kunst- og kultur for eldre i kommunale institusjonar	s. 17-18
UKM – Ung kultur møtast	s. 18
Skulekorpsa i Time	s. 18-19

Del 2 – internt ordna

Introduksjon til eit nytt skuleår i Time kulturskule, 2026-2027		s. 19-20
Felles mål med tiltak og arbeidsmåte skuleåret 2026-2027		s. 20-21
Dette gjenspeglar arbeidet i kulturskulen skuleåret 2026-2027		s. 22
Ein kulturskule for alle - frå breidde til fordjuping, mangfald og integrering		s. 23-24
Seksjonar og team – fagområde - fagleg kollegasamarbeid m/ Seksjonsleiaransvar		s.24-30
Læringsmiljøplakat – heilskapleg kulturskuleundervinsing		s. 30
Mål for kulturskulen sine fem ulike fagområde 2026-2027		s. 30
1 Musikk	Pianoseksjon	s. 30
	Blås/stryk-seksjon	s. 31
	Gitar/Band/Slagverk-seksjon	s. 32
	Vokalseksjon	s. 33
	Musikkterapi og Demenskor	s. 34
	Bankers	s. 35
	Musisk seksjon 0-9	s. 35
	Samspel-tilbod	s. 36
	Skulekorps	
2 - Kunstfag		s. 38
3 - Drama/teater		s. 39
4 - Dans/ballett		s. 41
5 - Skapande skriving		s. 42
Vedlegg 1 – Årshjul for tilsette 2026-2027		s. 44
Vedlegg 2 – Kommentarar måloppnåing økonomiplan		s. 49
Vedlegg 3 – Kommentarar måloppnåing Strategiplan oppvekst		s. 51

Del 1 – overordna

Lovforankring - Opplæringslova (Lovdata 2024)

§ 26-1 Kulturskule - Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskule til barn og unge, organisert i tilknyting til skulen og kulturlivet

§ 26-2 Formålet med kulturskulen - Kulturskulen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skulemiljø (Lovdata 2024)

Slagord

Time kulturskule – levande kunst- og kulturopplæring

Visjon

Kulturskulen bidreg til gode oppvekstvilkår som gir barn og unge lyst på livet og evne til å meistre det

Hovudfokus

Kulurskule for alle i eit inkluderande og trygt skulemiljø : Opplæring – Oppleving – Utøving

Pedagogisk plattform

Eleven som glødande punkt i kunstnarisk undervisniningsarbeid



Kulturskuleelvar sine eigne ord om det å gå i kulturskulen,
henta frå brosjyre om kulturskulen:

Morosamt Meistring Oppleva

Danse Male Kvalitet

Tilhøyre Best av alt

Utøva Syngje Opptre


Væra i lag Lærerikt GØY

GILDT Fellesskap

Skape Kult! Spele

Givande Heilt Topp! Gode lærarar

Verdiplakaten



Kulturskulen - overordna

Time kulturskule er ein offentleg lovpålagd skule heimla i opplæringslova. Den kommunale kulturskulen skal vera ***ein kulturskule for alle*** og ein aktiv og sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen bidreg til eit breitt og mangfaldig kulturtilbod for barn, unge og eldre. På nasjonalt plan er skuleslaget sentralt og viktig for å skape levande og berekraftige lokalsamfunn med kultur som drivkraft.
Kulturskulen er del av Timeskulen og skal gi kunst- og kulturfagleg opplæring av høg kvalitet og bidra til å løfte fram kultur som bærande element i læring og utvikling. Undervisningstilboda er tilpassa elevane/brukarane med fokus på gode opplevingar og læring gjennom meistring.
Kulturskulen samarbeider med barnehage, skule og frivillig kulturliv. I tillegg har kulturskulen eit utvida samfunnsoppdrag om å yte tenester som fremmer folkehelse og eit godt liv for alle innbyggjarar inkludert dei eldre i lokalsamfunnet.
Kulturskulen er eit levande og synleg ressurssenter for kunst- og kulturverksemd. Tilbodet skal vera tilgjengeleg for alle som ønskjer å delta. Kulturskulen har undervisningsfag for ulike brukargrupper med bevisst perspektiv på integrering, mangfald og inkludering. Kulturskulen tilbyr tilrettelagd undervisning innan både breidde- kjerne- og fordjupings-program. Arbeidet bidreg til å framheva kunst- og kultur som viktig del av vår felles kulturarv og berekraftsmål for læring og danning av menneske og for det gode liv i lokalmiljøet.

Styringsdokument for berekraftig kulturskuledrift i Time kommune

FNs BÆREKRAFTSMÅL

Rammeplan for kulturskulen – Kulturskule for alle (Kulturskolerådet 2025)
m/ gjeldande Fagplanar for dei ulike fagområda frå Rammeplan for kulturskulen - frå mangfald til fordjuping (Kulturskolerådet 2015)
Stortingsmelding 8 (2018-2019) «Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida»
Stortingsmelding nr 18 (2020-2021) «Oppleve, skape, dele-Kunst og kultur for, med og av barn og unge»
Stortingsmelding 28 (2024-2025) «Tro på framtida uansett bakgrunn – oppvekstmeldinga»
NOU 2025:7 «Musikklandet»
Framtidens kulturskole – Kulturskole 3.0 (KS/Norsk kulturskoleråd)
Kommunal samskaping – med kulturskolen som døråpner Dialoghefte: tematikk for lokalt utviklingsarbeid (KS/Norsk kulturskoleråd, 2023)
Strategi 2032 Kulturskolerådet (Landsting Kulturskolerådet 2024)
Kultur + Skole = Sant, Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge (Telemarkforsking/NTNU 2019)

Kulturskolemanifest/Kulturskolen som inkluderende kraft i lokalsamfunnet (Kultursk.rådet 2019)
UDIR – Informasjon om kulturskolen til skoleledere (Udir si nettside 2025)
Strategiplan, Oppvekst Time kommune (2023-2029) – arbeid med revidering 2026-2027
Økonomiplan Time kommune 2026-2029 og 2027-2030
Plan- og bygningslova
Kommuneplan for Time 2015-2027 Samfunnsdel, Time kommune
Kulturplan 2019-2027, Time kommune
BTI - Betre tverrfagleg innsats, Time kommune
FN`s bærekraftmål Nr 3 God helse **Nr 4** God utdanning **Nr 7** Mindre ulikheit **Nr 11** Berekraftige byar og lokalsamfunn **Nr 16** Fred rettferd og velfungerande institusjonar **Nr 17** Samarbeid for å nå måla
FN`s barnekonvensjon Artikkel 3 Barnets beste **Artikkel 24** Helse **Artikkel 31** Fritid, kunst og kultur
Regionalplan for kultur og idrett i Rogaland 2024-2036 (Rogaland fylkeskommune)



Pedagogisk plattform


"Rammeplan for kulturskulen - Kulturskule for alle» (2025) tydeleggjer samfunnsoppdraget til dei norske kulturskulane og ligg til grunn for drift og utvikling av Time kulturskule. Fagplandel frå tidlegare utgåve "Rammeplan for kulturskulen – Mangfald og fordjuping" (2015) følgjer den nye rammeplanen. Skulen har eigne lokale fagplanar som bygger på rammeplanen sine intensjonar. Undervisningstilbodet er delt inn i Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram.
Time kulturskule er eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sine evner og interesser innan ulike kunstfag. Kulturskulen bidreg til gode oppvekst- og læringsmiljø med rom for kjennskap til, erfaring med og kunnskap innan ulike kunstformer og kulturuttrykk. Tilbodet baserer seg på tilpassa, allmenndannande og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune. Det er fokus på individuell tilrettelegging med rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdighetar. Kulturskulen skal bidra til barn og unge si danning, fremming av respekt og demokratiske prosessar, bevisstgjering av eigen identitet og utvikling av livskompetanse. Kulturskulen arbeider aktivt for inkludering, integrering og mangfald i eit trygt og godt læringsmiljø for barn og unge. Time kulturskule samarbeider med barnehage, grunnskule, helse/velferd og andre kommunale einingar. I tillegg er det tett dialog og samhandling med lokalt kulturliv og frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen arbeider aktivt med drift og utvikling av dagens og framtidas kulturskule i samarbeid med andre, "Vi skal gjere kvarandre gode og vi skal gjere det i lag."

KULTURSKOLERÅDET

Strategi 2032

Med kulturskolen inn i fremtiden

Kulturskolerådets strategi for perioden 2020–2032





”Visuelt notat Framtidas kommune 3.0 - KS”

Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område - 1 Trygge foreldre

Kulturskulen er lovpålagd skuleslag, men med frivillig deltaking der elevar melder seg på til ulike fagtilbod og får tildelt elevplass etter gitte søknadskriterie. Det er krav om elevbetaling etter gitt pris i årleg politisk vedtak av kommunen sin økonomiplan. Kulturskulen har tilbod om friplass-ordning og tildelar dette i dialog med føresette og i samarbeid med andre kommunale tenester (lærarar, helsesjukepleiar, familierådgjevar, flyktningetenesta) og Alle-med- koordinator. Kulturskulen har utviklingssamtalar med elev/føresett/lærar for vokal/ instrumentalfag og arrangerer foreldremøte for gruppefag. I tillegg møter lærarane føresette/familie ved ulike kulturskulearrangement, minimum to gonger pr skuleår. Lærarar og administrasjon har fokus på medverking samt god og tydeleg kommunikasjon i dialogen med elevar og heim/føresette. Kulturskulen har eigen Foreldreplakat som seier korleis føresette skal opptre i forhald til det å ha barn/ungdom som elev i kulturskulen.

Kulturskulen har brukarundersøking for elevar og foreldre kvart 2.år.
Oppdrag i mål for kulturskulen i Økonomiplan for Time kommune 2025-2028.
Komande brukarundersøking Haust 2026.
Grunna låg foreldredeltaking på kulturskulen si brukarundersøking i 2024 (og også tidlegare år) er det sett opp følgjande tiltak med mål om auka svarprosent i Foreldre-undersøkinga. Kulturskulen har ikkje same samarbeidsform med heim som t.d. grunnskulen, vi jobbar med å forbetre kulturskule-modellen.

Tiltak er også i tråd med mål i Strategiplan oppvekst 2023-2029 om auka foreldredeltaking/medverking satsingsområde 1 Trygge foreldre
Tiltak er sett inn for å kunne nå foreldre betre, kunne tilby betre tilknyting, identitet og nærleik til organisasjonen.

1. Undersøkinga vert lagt til haustsemesteret (ikkje vår som tidlegare
   Tildlegare kollisjon med andre store brukarundersøkingar i kommunen på våren
2. Undersøkinga er ope i eit lengre tidsrom = 6 veker, opnar etter haustferien

3. Foreldre/dialogsamtalar for elevar på vokal/instrumentalundervisning vert gjennomført etter haustferien, i perioden når undersøkinga er open. Brukarundersøkinga er tema og lærarane oppmodar foreldre om å svare.
4. Gjennomføre foreldremøte på gruppefag hausten 2026, etter haustferien i perioden når undersøkinga er open. Brukarundersøkinga er del av tema med oppmoding om å svare.
5. Påminning på mail med tilsendt passord og link på ny 1 veke før svarfrist
6. Sende siste påminning via sms Speedadmin nokre dagar før svarfrist
7. Synleggjere info om Brukarundersøkinga på kulturskulen si nettside og Kalender Speedadmin

Time kulturskule - Levande kunst- og kulturopplæring

FORELDREPLAKATEN

Som foreldre / føresett med aktivt barn eller ungdom i kulturskulen, skal eg:

- Vise entusiasme for - og snakke med barnet/ungdomen om kulturskulefaget
- Motivera og legge til rette for jamleg øving og innsats
- Engasjere meg i - og møte på arrangement og framsyningar der mitt barn/min ungdom deltek
- Ta kontakt med faglærar og administrasjon ved behov for dialog/samtale utover kulturskulen sine faste møtepunkt
- Snarleg melde i frå dersom mitt barn/min ungdom ikkje trivst eller kjenner seg utrygg i undervisningssamanheng på kulturskulen
- Melde i frå dersom kulturskulen treng kjennskap til særlege omsyn for best mogleg tilrettelegging av undervisninga for ditt barn/sin ungdom
- Melde i frå til faglærar dersom barnet/ungdomen er sjuk og/eller av anna viktig årsak ikkje kan møte på timen

OPPLÆRING - OPPLEVING – UTØVING

Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 2 - Samhandling for førebygging og tidleg innsats

Time kulturskule er eigd av Time kommune og organisert under Oppvekst, Barn og familie, men samarbeider med eining Barnehage og Skule i Time kommune. Kulturskulen har fokus på nedfelt visjon, verdiar, fagleg innhald og kvalitet i sin pedagogiske plattform. Dette ligg også til grunn for definering av kulturskulen som allsidig støttefunksjon og samarbeidspartnar for andre kommunale tenester som barnevern, helsestasjon/familiesenter, PPT, flyktningteneste, grunnskule og barnehage og i tillegg helse/velferd og frivilligheit. Kulturskulen sitt kunstfaglege opplæringstilbod for barn og ungdom er eit supplement til undervisninga som vert gitt i grunnskule og vidaregåande skule og i tillegg mogleg fordjuping innan kunstnariske fag. Kunst- og kulturundervisninga har ei nær og lærartett oppfølging. Kulturskulen har stor breidde og rikt mangfald av elevar som representerar alle samfunnslag og som også syner barn og unge sine ulike kvardagsutfordringar i dagens samfunn. Kulturskulen sin eksistens og undervisningstilbod fungerer som ein sentral del av kommunen sitt lokale oppvekstmiljø. Undervisninga skjer individuelt og i grupper med særleg nærleik til faglærar som nyttar kunst- og kulturfagleg læringsmetodikk med fokus på opplæring, oppleving og utøving i sin undervisning. Kulturskulen skal vera ***støttefunksjon i arbeidet for å redusera spesialundervisning i barnehage og grunnskule.*** Det å ta del i kulturskuletilbod gjer kvardagen meir meiningsfull, meistringsorientert og opplevingsrik for mange barn og unge. Med både mangearta og spesialtisert fagtilbod eksisterer kulturskulen som eit særs viktig bidrag i arbeidet med førebyggjande psykisk helse, allsidig læring, meistring, tilhøyre og trivsel for barn og unge. Kulturskulen nyttar BTI (Betre tverrfagleg innsats) som verktøy for styrking av kvalitet i arbeidet med samarbeid og samhandling med andre kommunale tenester.

Kulturskulen søkjer kontinuerleg etter tilgjengeleg kunnskap om utvikling av skuleslaget, særleg med tanke på forankring og samhandling. Time kommune er medlem av fagorganisasjonen Norsk kulturskoleråd og kulturskulen i Time er del av nasjonalt og regionalt nettverk for kulturskuledrift. Erfaringsdeling, nyare forsking og utviklingsarbeid (FOU frå Høgskule/ Universitetssektor) dannar grunnlag for dei retningsval som vert gjort for kvalitetssikring av den offentlege kulturskuledrifta i Time kommune.

Kulturskulen arbeider aktivt med, og byggjar vidare på, kunnskap frå både tidlegare veiledings-program og KUL-Vfl-kursrekke via Norsk Kulturskuleråd og Universitetet innlandet (Kulturskule – Vurdering for læring) og kunnskap om kulturskulen sitt profesjonelle læringsfellesskap. Målet er å halde ved like og aktivt nytte tileigna kompetanse og å vidareutvikle undervisningspraksis med kvalitet i alle ledd, særleg innan elevmedverknad og metode for analyse av eigen vurdering/læring/praksis gjennom tydeleg målsetting og aktivt vurderingsarbeid. I arbeid med personalet nyttar vi verktøy frå boka “Profesjonelle læringsfellesskap” (Th.Norddal/Ole Hanssen), “God undervisningsplanlegging” (Torill Frafjord Hoen red.), “Kulturskolen” (Wenche Waagen) og «Profesjonsforståelser og kunstpedagogikk - praksiser i musikkfeltet» (Elin Angelo) I tillegg følgjer vi Kulturskolerådet sitt rettleiingsprogram for implementering av Ny Rammeplan for kulturskulen og bruk av gitte arbeidstema for personalet. Rektor følgjer leiarprogrammet «Mangoldledelse» 2026-2027.

Kulturskulen vidarefører viktig ***satsing og spesialisering innan moderne og dagsaktuell scenisk formidling og produksjonsarbeid.*** Dette er sentral del av kulturskuleopplæringa og famnar alle elevar samt barn og ungdom i barnehage og skuleverk gjennom prosjekt og konsertar.
Kulturskulen skal vera aktiv som støttefunksjon for andre tenesteeiningar som arbeider med barn og ungdom. Vi skal synleggjere kunst- og kulturfaga - og kulturskulen - si viktige rolle i barn og unge sine liv, som stillasbyggjar og som arena for ei anna form for læring, vurdering, meistring og utvikling. Kulturskulen gir barn og unge eit praktisk- estetisk fagtilbod som supplement til læringssituasjonen i ordinært skulearbeid. Dei ibuande kunstnariske og musiske evna i oss menneske er sentrale for personleg velvære, vekst og utvikling i tillegg til identitetsskaping, kulturell og sosial tilknyting.
Som del av eit moderne oppvekstsamfunn skal kulturskulen vera i kontinuerleg utvikling, ha dagsaktuell relevans og vera i forkant av kunst- og kulturutviklinga i det samfunnet den spring ut av. Samstundes skal kulturskulen stå fram som viktig berar av felles kulturarv, kontinuitet og tradisjon. Dette er viktige verdiar frå tidleg barndom og gjennom ungdomstida.
Kulturskulen arbeider kontinuerleg for å vera del av kommunen sitt arbeid med ***tidleg innsats og som støttefunksjon i arbeidet med reduksjon av spesialundervisning i barnehage og skule.***
Kulturskulen må i auka grad sjåast som ressurs for gode tiltak i arbeidet med barn og unge, frå tidleg leveår og ut eldre ungdomstid. Kulturskulen arbeider tett på og i lag med heim og skule der spesiell tilrettelegging er aktuelt. Det er også naudsynt og ønskjeleg med auka samarbeid på tvers av kommunale tenesteområde for å kunne gje barn og unge gode og tidleg tilrettelagde tilbod.
Kulturskuleplassane er i dag ***meir tilgjengeleg for fleire via eksisterande friplassordning*** (kommune og Røde Kors). Kulturskulen skal vera tilgjengeleg for dei som treng særleg støtte innan tidleg innsats. Dette er avhengig av ledig kapasitet, interesse og god dialog med andre kommunale einingar som arbeider med barn og ungdom. Vi har ei felles interesse om å skape gode lærings- og oppvekstvilkår i eit kvalitativt trygt og godt miljø. Det er oppretta eige tilbod om ***musikkterapi-plassar for elevar med særlege behov*** og kulturskulen har tilsette med kompetanse for etablering av utvida ordning for framtidig bruk av musikkterapiteneste retta mot både barnehage, grunnskule, rus/psykiatri og eldre på institusjonar i kommunen.



Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 3 - Inkluderande samfunn

Time kulturskule er ein kulturskule for alle. Kulturskulen har tilsette med relevant erfaring og kompetanse innan tilpassa opplæring, mangfald, integrering og fleirkulturelt arbeid. Vi har elevar med ulik kulturell og internasjonal bakgrunn, elevar frå ulike sosiokulturelle grupper med ulik interesse og funksjonsnivå. Etter målsetting om god integrering og inkludering praktiserar kulturskulen tildeling av forserte elevplassar i samarbeid med Alle-med-koordinator, familietenste, flykningeteneste, PPT, helsefagarbeidarar og grunnskulane. Kulturskulen bidreg i arbeidet med auka integrering og inkludering av alle barn og unge. Tildeling av kulturskuleplassar skjer kontinuerleg etter henvending/behov og tildelast etter ledig kapasistet på ulike fagtilbod. Det er aukande behov for betalingsstøtte og Time kommune har gitt kulturskulen ekstra midlar i budsjett for å sikre aktiv kulturskuleplass til barn/unge frå familiar med svekka betalingsevne. I tillegg er det innvilga ekstra midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank. Alle-med-koordinator i Time kommune deltek i vedtak om tildeling av friplass. Nav har eiga ordning for ev tildeling av støtte til dekking av kulturskulekontingent. Det er ei merkbar auke i behov for støtteordning og midla nyttast til dekking av elevkontingent, kunstfagmateriell og instrumentleige fordelt på vår- og haustsemester.

Kulturskulen arbeider etter Norsk kulturskoleråd sitt Nordiske Manifest som bygger på Menneskerettighetane og Barnekonvensjonens punkt knytt til kunst- og kulturaktivitetar for barn og ungdom. Kulturskulen skal ha fokus på integrering og inkludering og det å skape ein mangfaldig kulturskule for alle. Kulturskulen rettleiar og hjelper ungdom til eventuell søknad og opptaksprøver til praktisk- estetisk linje på vidaregåande skule og/eller vidare kunstfaglege studie.



"Kringsett av fiender" frå danseførestilling i Storstova (Foto: Vegard Hansen)

Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan oppvekst område 4 - Oppvekst og digitalisering

Lærarane brukar ulike digitale verktøy i undervisninga og i kommunikasjon med elev og heim. Kulturskulen ser på teknologi som eit nyttig og godt hjelpemiddel og digitale læringsplattformar er viktige for å kunne oppretthalda moderne og samfunnsaktuell kulturskuleundervisning. Hovudvekta av kulturskuleundervisninga skjer likevel «live» med både elev og lærar fysisk til stade i same rom. Kulturskulen er ein viktig arena for nærleik og møte mellom menneske - **for levande kunst- og kulturopplæring** - og som eit bidrag til å få barn og unge meir i aktivitet og vekk frå ein sterkt aukane skjermbruk. Kulturskulen ser det som ei viktig å vera eit kvalitetsretta og aktivt alternativ for barn og unge med auka tidsbruk på nett og sosiale media. Kulturskulefaga sitt fokus og styrke ligg i fysisk samvær og aktiv deltaking i ei meisterlæring i fellesskapet mellom elev og lærarar. Kulturskulen har eige administrasjonsprogram med tilpassa teneste for kulturskule, "Speedadmin". Alle tilsette har eigen Ipad via felles leasingavtale for kulturskulen. Lærarane har tilgang til Spotify og Musicscore som naudsynet arbeidsreiskap. I tillegg til Speedadmin nyttar både administrasjon og lærarar Teams aktivt for informasjonsflyt, deling av oppdaterte av dokument og som felles arbeids-dokumentasjon. Alle tilsette har digital kontakt-tilgang til kollegaer og elevar via Speedadmin og Teams TK-286. Aktive elevar/føresette har eige elevkort i Speedadmin.

Musikklærarar er tildelt brukarlisens i noteskrivingsprogrammet Sibelius og det er opparbeida notebibliotek med digital arkivoversikt i Speedadmin. Musikklærar har tilgang til noter via digital app Musicscore. Drama/teaterlærar har tilgang digitale manus via nettfunksjon Dramas. Kulturskulen fokuserer på merkevarebygging og det å vera synlege i lokalmiljøet. Det vert jamleg posta nyheitar og informasjon på Time kulturskule si Facebookside og på eigen nettside, www.timekulturskule.no. Alle tilsette er knytt til O-365, Visma og Time kommune Outlook. Dersom det oppstår behov for digital undervisning (som i Korona-tida) skal lærarane snarleg få brukarfunksjon i Teams skule-brukar.





Kulturskulen sitt arbeid:Strategiplan oppvekst område 5 - Rekruttera og behalde

Time kulturskule rekrutterar høgt kunstfagleg og pedagogisk kvalifiserte lærarar og leiarar som arbeider fokusert for profesjonsretta tenesteutvikling og kvalitet. Det er fokus på godt samarbeid og etablering av felles eigarskap til arbeidsoppgåver, drift og utvikling innan tenesteområde. Kulturskulen sine årsverk er fordelt på mange fag-spesifikke del-stillingar og fleirtalet av lærarane arbeider ved fleire kommunale kulturskular og med freelancebasert kustnarisk utøving.
Det har over tid vore arbeidd med å auke stilling for dei som ønskjer utviding ved ledig stillingskapasitet. Dette medfører utvida fagområde og meir allsidigt undervisningsarbeid som for mange verkar stimulerande for ein meir interessant arbeidskvardag. Personalet i kulturskulen er allsidigt både med omsyn til fagspesialisering, men også jf. alder/yrkeserfaring frå nyutdanna til lærarar som nærmar seg pensjonsalder. Det syner seg igjen i eit allsidigt og stimulerande arbeidsmiljø og gir grunnlag for både stabilitet, kontinuitet, kvalitet, modernitet og utviklingsretta arbeid. Desse kvalitetane ligg som fundament i organisasjonen Time kulturskule. Kulturskulen rekrutterar lærarkrefter frå mange ulike utdanningsinstitusjonar og det er ein sentral oppgåve å reittleie unge og nyutdanna lærarar inn i kulturskuleprofesjonen.
Kulturskulen arbeider aktivt med å rekruttera og å behalde både elevar og lærarar over tid. Administrasjonen har fokus på dialogbasert leiing, medarbeidarskap, samskaping og deltakande prosessar. Det er gjennomgang av ressursbruk for dei ulike fagområda kvart år. Dette ligg som grunnlag for utvikling med eventuell omdisponering og justering i undervisningstilbod og aktivitet. Kulturskulen organiserer ei blanding av gruppe- og individuell undervisning, utviklar og drifter samarbeidsmodellar med skulekorps og andre frivillige organisasjonar, tilbyr aktivitet og kompetanseheving av estetisk verksemd i barnehage og grunnskule. Kulturskulen er både ein tradisjonsbærar og samtidig moderne i dynamisk utvikling. Lærarstaben er spesielt kvalifiserte for jobben sin og har mykje unytta kompetanse som bør kome fleire barn og unge til gode. Dette krev ei utviklingsorientert og dialogbasert leiing der personalet er delaktige i arbeid med felles mål om ein så god og attraktiv kulturskule som mogleg – og som er tilgjengeleg for alle. Administrasjonen arbeider med synleggjering og rekruttering til deltaking i kulturskuletilbod. Leiinga skal bevisstgjere lærarane i arbeidet med å behalde elevar over tid slik at dei oppdagar gleda ved det å utøve og å meistre kunstfagleg. Vi skal jobbe for auka kunnskap og bevisstheit hos politikarar og overordna administrasjon om Time kommune si rolle og ansvar som kulturskule-eigar. Skuleslaget er lovpålagd og det er kommunen som er skuleeigar. Kommuneadministrasjon og politikarar må ha kunnskap om kulturskulen sitt allsidige og viktige virke og i tillegg delta i aktivt i framtidsplanlegging for vidare drift og utvikling. Kulturskulen er ein sentral støttespelar og samarbeidspartnar for mange kommunale tenester som arbeider med barn, ungdom og eldre.

Utadretta verksemd og samarbeid – kulturskulen som lokalt ressurssenter for kunst- og kultur i lokalmiljøet

Time kulturskule er skal ein aktiv og utadretta organisasjon som er synleg i lokalmiljøet. Kulturskulen har eige system for å handtera førespurnadar om speleoppdrag frå frivillige organisasjonar, kommune og næringsliv. I tillegg har skulen eit aktivt og innhaldsrikt årshjul med mange eigne arrangement, produksjonar og prosjekt. Kulturskulen har kontinuerleg samarbeid med lokale lag- og foreiningar, musikk- og kulturorganisasjonar, kommunale tenesteområde for kultur/samfunn, helse og velferd i tillegg til oppvekst med grunnskule/barnehage/einingar i barn og

familie. Kulturskulen er svært aktiv og har mellom 150 og 200 oppdrag og arrangement med elevar og lærarar kvart år der om lag 20.000 publikummarar frå lokalsamfunnet får glede av kulturskulen.





Lærarar ved Time kulturskule har gjennom mange år hatt prosjektansvar i samarbeid med Den kulturelle skulesekken med kunst- og kulturfagleg program og produksjonar for grunnskulen. Her samarbeider kulturskulen med kulturavdelinga i kommunen. Det er også fast samarbeid med frivilligheitssentral og helse om tilbod med institusjonskonsertar innan ordninga Den kulturelle spaserstokken. Demenskoret Minneblomen i Time kommune driftast i samarbeid med Helse og velferd og Frivilligheita i Time. Det vart løyva ekstra midlar via økonomiplan 2024 til bruk av profesjonsfagleg kompetanse frå Time kulturskule til korleiing/song/musikkterapi og pianoakkompagnement i Demenskoret. Økonomisk tilskot var opprinneleg fjerna i samband med nedskjæringstiltak sommaren 2026, men tilbakeført til fast drift igjen f.o.m. august 2026. Tilbodet har vore i aktivitet kontinuerleg sidan opprettinga og det er aukande tal av både brukarar/koristar, pårørande og frivillige. Tilbodet fungerar som eit viktig samarbeid på tvers av kommunale einingar med felles mål om å nå ut med kunst- og kultur til fleire av kommunen sine innbyggjarar. Kulturskulen har også tett samarbeid kulturavdelinga i kommunen. Kulturskulen deltek med representant i kommunen sine ressursgrupper for Dks (Den kulturelle skulesekken) og vi nyttar både Bryne Mølle, Storstova og Time bibliotek som formidlingsarena for arrangement og produksjonar. Kulturskulen har kontinuerleg samarbeid med frivillige lokale lag- og foreiningar. Musikkorganisasjonane med dei 4 skulekorpsa i Time er organisert under kulturskulen.

Den kulturelle skulesekken – Dks

Musikkprosjektet *«Songskattane»* gjennomførast årleg med rullerande program for elevar på 4. trinn ved alle skulane i Time kommune. Prosjektet er eit vel-etablert samarbeid mellom Dks, kulturskulen og grunnskulane. Kulturskulen har prosjektleiaransvar med fagleg kvalitetssikring og praktisk gjennomføring. Det er eigen plan for repertoarøving i haustsemesteret, øvingar ute på skulane i januar samt øving, skulekonsertar og kveldskonsertar i mars månad. Musikarar og korleiar lønnast av nasjonale Dks-midlar tildelt via Rogaland fylkeskomune, kulturskulen finasierar prosjektleiing og administrasjon. Prosjektet involverar dramalærar, korleiar, 3 musikarar og prosjektleiar frå kulturskulen sin stab. Dks Time bidreg med praktisk gjennomføring av konsertane. Det er mogleg for kulturskulelærarar å søkje om gjennomføring av nye Dks-prosjekt. Lokale prosjekt

skal ha ein aktiv workshop-del der elevane møter og vert rettleia av profesjonelle kunstnarar i form av felles utøving. Kulturskulelærarane er profesjonelt utdanna kunstnarar og deltek som utøvarar i prosjekt for auka bruk av levande kunstoppleving for elevar i Timeskulen.





Kulturskulen som prosjektleiar – Dks produksjonen «Fuglar» - Songskattane Storstova

Formidling av kunst- og kultur for eldre i kommunale institusjonar

Time kulturskule si utøvargruppe «Trio Triol» består av 3 musikklærarar som gjennomfører fast besøk ute på kommunen sine eldreinstitusjonar. Dei reiser rundt med konserterande musikkprogram og allsong-repertoar gjennom heile året. Trio Triol har også andre konsert- og representasjonsoppdrag for kommunen.





Demenskoret i Time vart etablert i april 2023. Kulturskulen har det musikkfaglege ansvaret med lærarteam bestående av musikkterapeut og pianist. Kulturskulen samarbeidar med helse og velferd om gjennomføring av faste øvingar og opptredenar. Frivillig innsats deltek både som songarar og støttespelarar i koret, med servering av kveldsmat etter øvinga og i tillegg assistanse med henting/køyring til frå øvingar og konsertar. Demenskoret har synt seg som eit særs viktig og

velfungerande supplement i Time kommune si tenesteyting for eldre. Kulturskulen fekk tildelt ekstra fast del-stilling (13%) øyremerka arbeid med musikkfagleg leiing/undervisning i Demenskoret. Politisk vedtak i økonomiplan gjeldande fom januar 2024. Ny stillingsdel er fordelt med utvida del-stilling til 2 fast tilsette lærarar; korleiar/musikkterapeut og pianist/akkompagnatør. Demenskoret vert drifta etter fagleg forskingsbasert kunnskap om kor viktig song og musikk er som verktyg i det dagelege arbeidet med demente. Kulturskulen nyttar musikkterapeutisk og musisk kompetanse og metode i arbeidet med Minneblomen Demenskor i Time kommune. Demenskoret er del av politisk vedteke nedskjæring med trekk i økonomisk tilskot pr 01.01.2026.

UKM – Ung kultur møtast

Kulturskulen skal stimulera elevar, barn og ungdom til å melde seg på den årelege UKM-møstringa på Jæren. Lærarar og administrasjon skal vera aktive i samband med å informere og hjelpe elevar frå kulturskulen som ønskjer å delta. Dettte gjeld både påmelding og øving/førebuing fram til deltaking. Kulturskulen sin administrasjon samarbeider med kultur om å finne gode løysingar for å rekruttera fleire kulturskuleelvar frå Time til deltaking i UKM. Elevar kan gå vidare til fylkes- og landsmøsntring. Det er viktig med støtte og oppfølging frå lærarar og kulturskulen.



Skulekorpsa i Time (SKIT)

Time kommune har fire aktive skulekorps. Dette er Bryne skulekorps, Rosseland skulekorps, Frøyland skulekorps og Lye skulekorps. På Lye er organisasjonen omgjort til generasjonskorps der også vaksne musikantar og eventuelt foreldre kan vera medlem og spele aktivt. Nytt av året er eit Seniorkorps på Kvernaland etablert ut frå foreldreinteresse og eit ønskje om å lære seg å spele og å følgje opp barna i deira læring som korpsingar. Skulekorpsa er frivillige organisasjonar og drifta av eit foreldrestyre. Kulturskulen har tilsette som arbeider med musikkopplæring på instrument og korpssamspel. Time kulturskule samarbeider tett med skulekorpsa for å oppretthalde verksemda som attraktive tilbod for barn og unge i vår kommune. Det er viktig at det eksiterar eit breitt tilbod

for barn og unge slik at alle kan ha tilbod der dei kan finne seg til rette. Skulekorpsa arbeider stadig med rekruttering av nye musikantar og det vert laga spanande prosjekt og konsertproduksjonar både aleine, i samarbeid korpsa i mellom og inn mot kulturskulen sine produksjonar og konsertar.




Del 2 – internt ordna

Introduksjon til eit nytt skuleår i Time kulturskule, 2026-2027

Velkommen til eit innhaldsrikt nytt kunstfagleg skuleår her i Time kulturskule!
Time kulturskule er del av den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunnet og fungerer som eit ressurssenter for kunstfagleg verksemd. Vi skal vera ein kulturskule for alle - med allsidig tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving der barn og unge med ulik bakgrunn, alder og interesse kan delta. Vi har eit inkluderande og mangfaldig fellesskap basert på kunstfagleg opplæring og utøving der vi setter eleven i sentrum som det «glødande punkt». Det å vera aktiv elev i kulturskulen gir kvar enkelt rom for utvikling av dei kunstnariske sidene ved det vera menneske, for identitetsutvikling, læring og meistring. Den kommunale kulturskulen i Time er berar av ein felles kulturell tradisjon og samtidig ein samfunnsmoderne organisasjon med dagsaktuelle, kreative og nyskapande krefter. Kulturskulen er levande og synleg i lokalsamfunnet.

Kulturskulen er ein stad å vera og ein stad å læra, ein moglegheit til å oppdage kunst- og kulturfaga i lag med andre og under leiing av dyktige faglærarar. Kulturskulen sine tilsette er spesielt utdanna innan ulike kunstariske fag og mange er aktive kulturutøvarar i tillegg til lærarrolla her i Time kulturskule. Kulturskulen sin eksistens og dei tilsette sin arbeidsinnsats bidreg til eit viktig barne- og ungdomstilbod i lokalsamfunnet. Det eksisterer tilbod retta mor grunnskule, barnehage og lokalt musikk- og kulturliv i tillegg til kulturskulen si eigne kjerneverksemd med tildelte elevplassar på ulike fag. Med hovudfokus på kunstnarisk læring over tid skal elevane få oppdage glede og engasjement for utøving og formidling.
Time kulturskule er ein aktiv og utadretta kulturskule med mange kunstnariske arrangement, prosjekt og produksjonar. Det syder og boblar av musikk, song, dans, kunstutstillingar, tekstformidling og scenisk utstråling. Her får elevane bruke det dei har lært i samarbeid med andre og til stor glede for publikum.



(Foto: Visuelle notat Norsk kulturskoleråd/KS)

Felles mål m/ tiltak og arb.oppgåver skuleåret 2026-2027

Hovudmål og tiltak gjeld overordna for organisasjonen

1. **Mål:**
   Time kulturskule skal arbeide etter nasjonale føringar i "Rammeplan for kulturskulen – Kulturskule for alle " og synleggjere den kommunale kulturskulen sitt samfunnsmandat som samhandlande part i lokalmiljøet
   Tiltak:
   Aktivt tilbod innan kjerneprogram, fordjupingsprogram og breddetilbod
   Vera eit lokalt ressurssenter for kunst- og kulturopplæring
   Samarbeid med grunnskule, barnehage og sfo
   Samarbeid med lokalt musikk- og kulturliv
   Konkret arbeidsoppgåve:
   Vidareutvikle samarbeidsprosjekta vi har med skule/sfo/barnehage
   Revidere lokale fagplanar knytt til Rammeplan og nasjonale fagplanar for alle undervisningstilboda i Time kulturskule

2. **Mål:**
   «Eleven som glødande punkt» i Opplæring - Oppleving - Utøving
   Kulturskulen skal legga til rette for meistring og begeistring både i undervisning, kunstnarisk produksjonsarbeid og i samband med framsyningsarrangement
   Tiltak:
   Engasjerte lærarar som ser den enkelte elev og utviklar gode metodar for allsidig læring, deltaking, målsetting og vurdering
   Konkret arbeidsoppgåve:

Aktivt fagarbeid knytt til praktisk undervisning og metodearbeid med deling av kompetanse og erfaringsbasert kunnskap i personalet

3. **Mål:**
   Gode formidlingsarrangement av høg kvalitet som sentral del av kulturskulen si undervisning
   Tiltak:
   Godt planlagde arrangement, store og små, der elevar og elevarbeid blir presentert i ei profesjonell formidlingsramme
   Konkrete arbeidsoppgåver:
   Lyd, lys, scene, utstillingsrom, program, tidsperspektiv, publikumsgruppe, førebuingsarbeid til opptreden/pesentasjon/produksjonsdeltaking inngår som ein naturleg del av undervisningsopplegget, kommunikasjon, vertskap, merkevarebygging, synleggjering, marknadsføring

4. **Mål:**
   Rekruttere og behalde elevar i kunstnarisk opplæring over tid i kulturskule og skulekorps
   Tiltak:
   Tilrettelegging og metode for robust læring, tåle motstad, bli stimulert til motivasjon og utvikling
   Konkrete arbeidsoppgåver:
   Synleggjere kulturskulen gjennom skuleframsyningar, aktivt rektutteringsarbeid for dei ulike faga/fagområda. Etablere gode læringsmiljø med god oppfølging og nærleik mellom elev, heim, lærar. Skulekorpsa har eige rekrutteringsopplegg og arbeider med opplæring innan same kriterie som kulturskulen generelt (Basert på Rammeplan og fagplanar)
   Aktivt arbeid med målsetting, planlegging og vurderingsarbeid, dialog med elev om eigne mål og arbeidsrutinar. Utvikle trivsel og god tilhøyrigheit samt stoltheit over å vera kulturskule- og skulekorps-elev.

5. **Mål:**
   Time kulturskule skal vera støttefunksjon i arbeidet med reduksjon av spesialundervisning i barnehage og grunnskule
   Tiltak:
   Time kulturskule skal vera del av laget rundt eleven (LRE) / laget rundt barnet (LRB) når aktuell elev deltek i kulturskuleundervisning og/eller skulekorps
   Konkret arbeidsoppgåve:
   Samarbeid med leiarar og pedagogar i skule og barnehage om korleis kulturskulen er viktig for barn som har utfordringar i kvardagen. System for å fange opp at barna/ungdomane går i kulturskulen og at kulturskulelæraren kan vera ein viktig og avgjerande ressurs for tidleg innsats og tiltak



Elevar som utøvarar på barnhagekonsertar i kulturskuleveka (Foto: Kulturskulen)

Dette gjenspeglar arbeidet i kulturskulen skuleåret 2026-2027

Kulturskulen set fokus på å vera ein arbeidsplass basert på felles verdiar, trivsel, tilhøyre og arbeidsglede. Vi skal arbeide aktivt for å implementere våre nedfelte verdiar. Verdiane er utvikla gjennom prosessarbeid i personalgruppa. Målet er at alle tilsette skal kjenne eigarskap til og arbeide ut frå desse felles verdiane. Vi skal saman jobbe aktivt for å fremme ansvar, trivsel og respekt, samarbeid, engasjement, kreativitet og kunstnarisk kompetanse. Verdiane skal gjennomsyre verksemda vår og det skal vera både meiningsfullt og givande å arbeide i Time kulturskule. Time kulturskule skal vera ein attraktiv arbeidsplass som verdsett både kompetanse og personlege eigenskapar. Trivsel på arbeidsplassen er viktig og alle sitt ansvar. Kompetanseheving og bruk av utvida verktøy for framtidsretta drift og utvikling står sentralt. Målet er å verta meir bevisst på å lære av eigen praksis og å vidareutvikle gode rutinar for drift og framtidsretta og moderne undervisningsformer og fagtilbod for vår kulturskule. Det er fokus på profesjonsfelleskap med arena for drøfting ag deling av erfaringar samt kollegarettleiing. Lærarane skal ha særleg fokus på målsetting og vurderingsarbeid skuleåret 2026-2027. Det skal utarbeidast ny/revidere gamle lokale fagplanar for alle undervisningsfag.
Time kulturskule skal vidareføre og utvikle det etablerte arbeidet med bruk av kunnskap og gode produksjonsverktøy i alle sine arrangement, framsyningar og opptredenar. Dette er eit av våre satsingsfelt for allsidig, aktiv, utviklingsorientert og kvalitativ god kulturskuleundervisning.
Kulturskulen sitt personale vidarefører lærdom og erfaringar frå tidlegare kompetanseprogram **KUL-Vfl** og arbeider aktivt med "vurdering for læring" med særleg fokus på målsetting, vurdering og elevmedverknad. Bruke Rammeplan og fagplan aktivt i dette kvalitetsarbeidet.

Time kulturskule har eit innhaldsrikt **årshjul** for skuleåret 2026-2027. Oppsettet gir grunnlag for god planlegging, forutsigbarheit og gjennomføring av kulturskulen sine mangearta oppgåver, prosjekt

og arrangement gjennom skuleåret. Det er kvar tilsett sitt del-ansvar å fordele arbeidsoppgåver godt gjennom heile året slik at ein bevarer overskot og innsats gjennom større prosjekt.

Kulturskulen har engasjerte og entusiastiske lærarar som utviklar **gode undervisningsopplegg** med eleven i sentrum som det "glødande punkt". Personalet er delt inn i ulike team, prosjektgrupper og fagseksjonar. Det føreligg **Fagplana**r for alle fagområde. Desse tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskolen, «Mangfald og fordjuping». Kvart haust skal det utarbeidast individuelle årsplanar for alle vokal-instrumentalelevar og årsplanar for kvar elevgruppe i alle dei ulike gruppefaga.

Ein kulturskule for alle - frå breidde til fordjuping, mangfald og integrering



Kulturskolen – film på flere språk (udir.no)

Utdanningsdirektoratet sin informasjonsfilm I tillegg har Norsk kulturskoleråd ein eigen film «Oppdag kulturskolen» som også synleggjer kulturskulen sitt mandat og rolle. Filmane er allment tilgjengeleg på nett og sosiale medier i tillegg til kulturskulen si nettside www.timekulturskule.no Filmen er teksta på 12 ulike språk inkludert ukrainsk. Direktør i Norsk kulturskoleråd, Morten Christiansen, uttalar at dei «har ønsket å lage en overgripende fortelling om kulturskolen og dens betydning for den enkelte og for lokalsamfunnet. Det gjør vi for at politikere, og innbyggerne for øvrig, skal ha en klar oppfatning av kulturskolens kompetanse og verdier, og for å skape et bredt engasjement for fremtidens kulturskole». Time kulturskule har publisert filmen på sine mediekanalar og delt med leiing og samarbeidspartnarar i kommunen. Kulturskulen integrerer flykningar og barn/ungdom frå alle sosiokulturelle samfunnslag.

Breiddetilbod:
«Demenskoret Minneblomen» (samarbeid med helse/velferd og frivilligheita)
«Song og spilloppar» Musikkprosjekt for barnehage
«Kulturbruå – kultur i oppvekst» Song, musikk og teaterleik som overgangsobjekt mellom barnehage og skule og som faginnhald i Sfo-kvardagee (for barnehage, 1.trinn, sfo i Rosselandskrinsen)

«Songskattane» Produksjon for 4. trinn i grunnskulen via Den kulturelle skulesekken. Kul-I-Grunn, «Kul-I-Grunn, PUSTEROM» produkssjonsprosjekt for 7.trinn i grunnskulen Kulturskule + Grunnskule = Sant 7. trinn ved alle grunnskulane deltek etter rullerande plan.
2026-2027 deltek 7.trinn ved Lye og bryne skule i prosjektet



Elevarbeid kunstfag med tema «Pusterom»

Kjerneprogram:
All ordinær kulturskuleopplæring innan alle dei fem fagområde, individuell og gruppeundervisning.

Fordjupingsprogram: Fredagsskulen. Utvida undervisningsressurs for nokre elevar. Arbeid med elevar og ungdom fram mot søknad og nominering innan stipendordningane nasjonalt og lokalt. Nominasjonsprosess til nasjonalt Drømmestipend og lokalt Kulturskulestipend. Kulturskulelærarane arbeider med førebuing til opptaksprøver for tildeling av ekstra kompetansepoeng til elevar som søkjer plass på Vgs. musikk/dans/drama-linje. Dei arbeider også med førebuing til opptaksprøver for ekstra interesserte og talentfulle elvar som ønskjer elevplass på det regionale Talentutviklingsprogrammet UTB Unge Talentar Bjergsted, Talent Dans - TaDa Stavanger og AterlierUNG. Time kulturskule har aktive danseelevar i Ungdomskompaniet TaDa og kunstfagelevar i AtelierUNG 2026-2027.
I tillegg har vi det aktive elvar i Rogaland ungdomskorps RUK, Stavanger Brass Band unge talent, Rogaland ungdomssymfoni-orkester RUSO. Kulturskulen har fleire elevar som vel å gå vidare med kunstfagleg utdanning på Høgskule/Universitetsnivå.

Seksjonar og team – fagområde - fagleg kollegasamarbeid m/ Seksjonsleiaransvar

Seksjonane fungerer som fagteam for samarbeid, undervisningsinnhald/metode/didaktikk, arrangement og prosjektsamarbeid samt generell drift.
Minimum 4 seksjonsmøte pr skuleår etter oppsett årshjul.

Seksjonane får tildelt oppgåver til seksjonsmøta i tillegg til å definere eigne arbeidsfelt og drøftingstema.

Musikk:

Piano-seksjon:	Irina, Øyvind, Elin, Arfon, Karèn (Per Olav kyrkjeorgel)
Blås /stryke-seksjon:	Tord-Viljar, Siri H, Ulvi, Guri
Gitar/slagverk-seksjon:	Tom-Anders, Bernt-Yngve, Magnar
Vokal-seksjon:	Torill, Kristin, Signe Irene
Korps-seksjon:	Arfon, Tord-Viljar, Ragnhild-Kristine, Viktor
Musisk 0 - 9:	Lærarar som arbeider med yngre elevar, nybegynnarmetodikk
Trio Triol:	Siri H, Ulvi, Karèn /Øyvind Bøylestad
Kul-I-Grunn	Torill, Dyveke, Øyvind, Magnar
Kulturbruå	Torill, Dyveke, Signe Irene
Musikkterapi/Bankers	Torill, Tom Anders
Kunstfag:	Mara
Dans:	Siri V, Raquel
Drama/teater:	Dyveke Chr.
Skapande skriving:	Ørjan(Garborgsenteret) + Heidi 10.trinnmanus/skrivegruppe

Seksjonane har minimum 4 møter i løpet av skuleåret, 2 pr. semester.
Fleire lærarar deltek i to seksjonar.
Kunstfag, drama, skapande skriving: 2 seksjonsmøte i lag som gruppe, 2 møte aleine.
Fagseksjonane deltek i prosess med innspel til innhald og evaluering av kulturskulen sin åreleg utviklingsplan.
Fagnettverk Jæren eigne avtalte møte for aktive nettverk skuleåret 2026-2027 + Plandag 13/11

Seksjonar og ulike team har ansvar for gjennomføring av konsertar, førestillingar, prosjekt og andre arrangement

Tverrfagleg samarbeid utgjer ein sentral del av Time kulturskule si verksemd. Ulike prosjekt og opplegg initierast og gjennomførast av lærarane både innad og på tvers av fagområde, team og seksjonar. Fleire av prosjekta er retta ut mot skule og barnehage.

Kul-i-Grunn (Kulturskule i Grunnskulen) "PUSTEROM" i tillegg til tidlegare etablert undervinsingsopplegg «Å våge seg på livet» for 7. trinn i grunnskulen.
Vi held fram med bolkeundervisning og produksjonsarbeid på følgjande skular 2026-2027:
Lye skule, 2 klassar Bolk 1 haust 2026. Bryne skule, 4 klassar Bolk 2 og 3 vår 2027.

Kulturbruå – kultur i oppvekst

JUSI - samspel og orkesteropplæringstilbod for elevar på strykeinstrument.

Eigen plan for øvingar og konsertar. 3 ulike undervisningsbolkar gjennom året etter alder/nivå
Samarbeid med Hå og Klepp kulturskule. Kulturskuleelvar i JUSI samarbeider med Jæren

symfoniorkester om felles innøving av repertoir og konsertopptreden deler av året.
Ansvarleg lærar frå Time: Ulvi Hasanli
I tillegg fiolinlærar frå Hå: Lars Ole Bergersen og Klepp: Nadia Prudnikova

Trio Triol 2026-2027 består av 3 utøvande musikklærarar med 5 % stillingsressurs som nyttast til utøvande verksemd med faste institusjonskonsertar (samarbeid med Den kulturelle spaserstokken i Time): Ulvi Hasanli, fiolin. Siri Heggheim, allsong og fløyte. Karèn Torosov/Øyvind Bøylestad, piano. Det er utarbeidd eigen plan for året.

Demenskoret i Time
2 musikklærarar : Torill Lode Bøylestad, musikkterapeut og Arfon Owen, pianist



Demenskoret i Time på opptreden i Storstova, Eldredagen Time kommune (Foto: Kulturskulen)

Lærarar med elevar på vokal/instrumentalfag utarbeider individuelle **årsplanar** for kvar elev.
Lærarar på gruppefag utarbeider **årshjul** for sine gruppe/sitt fag.
Lærarane deltek på oppsette **kurs- og plandagar** og kan etter avtale delta på **eksterne fagkurs**.
Det er prioriterte avsette **ressursar til orkester, samspel, band og fordjuping.**

10.trinnprosjektet - ein årleg førestillingsproduksjon særleg retta mot ungdom. Alle kulturskuleelvar på 10.trinn og deira lærarar arbeider etter den eigenutvikla metoden «Frå tanke til teppefall». Oppstart i september og sluttføring med førestillingar siste veke før påske. Basisgruppa har hovudansvar og består av ressurslærarar på regi/teater, koreografi, musikk, kunstfag og manusskriving. Prosessarbeidet vert leia av eigen prosjektleiar frå kulturskulen sin administrasjon. Alle kulturskulelærarar som har elevar på 10.trinn deltek og bidreg til at prosjektet vert særleg tilpassa årets elevgruppe. Førestillinga vert synt fram for alle elevar på grunnskulen frå 4.-10.trinn på dagtid og som open kveldsførestilling i Storstova kulturhus. Den årlege ungdoms-musikalen/10.trinnprosjektet bygger på mange års erfaring og satsing på produksjonsarbeid og framstår som «eit av kulturskulen snitt mest sentrale fyrtårn».

Vi har samarbeid om kvalitets-sikring og profesjonalitet i ulike kommunale prosjekt og satsingar samt gode samarbeid med dei frivillige organisasjonane i Time og på Jæren.

Foreldresamtalar for elevar på instrumental/vokal mellom gjennomførast i perioden mellom haustferie og vinterferie.
Foreldremøte innbakt i felles oppmøtedag for NYE elevar torsdag 19. august. Elles informasjon og omtale av kulturskuleverksemda ved både større og mindre arrangement gjennom året. Eigne foreldremøte arrangerast berre dersom det oppstår særleg behov.
Lærarane har fast dialog, informasjon og møte med elevar og føresette ved semesteravslutnings-arrangement i desember og juni månad.

Infoskriv/kulturskuleposten vert formidla til elev/heim/føresette kvar haust og vår. Det vert sendt ut ekstra informasjon dersom det oppstår særleg behov.

Kulturskulen sitt **hovudopptak** skjer i juni månad. Justert inntak etter frist for å takke nei til elevplassen etter 25. juni. Etter oppstart av skuleåret/august tek vi **inn elevar frå ventelista** så snart det oppstår ledig plass/elevar melder om sluttdato. Det er høve til å skje om ventelisteplass gjennom heile året via vår søkjarportal i Speedadmin linka via nettsida Min skole.no/tks.
Vi har fokus på eit **godt profesjonsfellesskap og tverrfagleg samarbeid** mellom lærarar og fagseksjonar. Alle tilsette er med i minst ein fagseksjon, fleire lærarar deltek i 2 seksjonar. Seksjonane møtast i desse faglege fora minimum 2 gonger kvart semester.

Kulturskulen har system for å handtera **utviklingsarbeid og kvardagsinnovasjon.** Noko er fastsett i og nedfelt som eigne satsingsfelt for skuleåret, men vi vurderer og handsamar også kontinuerlege innspel meldes til plangruppa og administrasjon samt tett dialog med ulike lærarteam.

Kulturskulen nyttar **Speedadmin som administrasjonsprogram,** programvare innan fleire område: Oppsett av arbeidstid, kommunikasjon med elev/føresette i form av e-post og sms.
Time kulturskule skal no over til aktiv bruk av **Teams**. Dersom Koronasituasjonen igjen vert forverra, vil vi gå tilbake til bruk av digitale læringsplattformar som t.d. Teams. Øyvind har IKT-ansvar. Vi deler informasjon og opplæring jmf. nye ikt-ordningar på personalmøte og ved behov.



Ein inkluderande kulturskule for alle – aktør for lokalt kunstnarisk fellesskap (Foto: Vegard Hansen)

Dokumentasjon på kunstnarisk verksemd: Ved større framføringar vert det gjort filmopptak/HD-format og fotografering. Vi nyttar profesjonalitet og kjøper inn teneste frå Storstova og eksternt.

Brosjyre for Time kulturskule skal brukast som informasjon og vera tilgjengeleg på kommunen sitt service-torg, biblioteket, i rekrutteringssamanheng og på våre arrangement. Vi har 5 roll-ups med godt synleg logo, namn og fargerike bilete. Desse nyttast som merkevarebygging og synleggjering på våre arrangement. Vi vil ha fokus på alle våre fagtilbod i publiseringar og synleggjering på **vår Facebookside.** Dei akustiske instrumenta og skulekorpsa treng ekstra fokus og det er eigne opplegg skulekonsertar og rekrutteringsrundar for å pirre merksemd og interesse hos barn og ungdom. Det er planlagd pop-oppkonsertar og open dag; kom-og-prøv-eit-instrument samt skulekorps-arrangement ute på skulane. Vi vil bevisst nytte foto og tekst informasjon via ulike kanalar som face-book og nettside.

Time kulturskule arbeider for nominering av kandidatar til **Drømmestipend**. Ein stipendordning via **Norsk kulturskoleråd og Norsk tipping** sin stipendordning for unge talent med store draumar. Ny aldersgrense i fjor på 18-25 år går utover våre brukargrupper. I tillegg tek kulturskulen imot søknadar, behandlar, tildeler og organiserer det årlege **Kulturskulestipendet i samarbeid med Jæren sparebank.**

UKM – Ung kultur møtes Kulturell møteplass for ungdom. Lokal mønstring i Storstova på Jæren med ungdomar frå Gjesdal, Hå, klepp og Time. Uttak til fylkesmønstring på Sandnes og eventuelt representasjon på nasjonal mønstring i Trondheim. Kulturskulen skal stimulera elevar og ungdom til deltaking. Det er mål om å auke talet på aktive ungdomar til den lokale mønstringa i Storstova. Kulturskulen samarbeider med kontaktperson for UKM i Time kommune.

Kulturskule + Grunnskule = Sant – Eit kulturskuleprosjekt for 7.trinn i grunnskulen i Time
Eit samarbeidsprosjekt med grunnskulen i Time. Styrka musikkundervisning på 7.trinn ved alle skulane. Musikkundervisning med fokus på allsidig innhald; song, instrument, dans og drama gjennom 8 veker aktiv bolkeundervisning. Kulturskulelærar kjem ut til skulane og jobbar aktivt med øving og produksjon fram til ein avsluttande førestilling. Prosjektet har som mål å auke elevane sin kompetanse gjennom praktisk deltaking og allsidig musikkutøving i sin skulekvardag. Prosjektet har to ulike program **«PUSTEROM»** og **«Å Våge seg på livet"** og baserer seg på ein eigen utvikla metode med tilhøyrande repertoar og manus. Tema er psykisk helse og det å finne sin eigen styrke og identitet og manuset inneheld både moderne setningsformuleringar og kjende Garborg-sitat. Kulturskulen arbeider for at prosjektet skal utvidast og fremme tettare samarbeid med skulen der kulturskulen sin kompetanse i auka grad nyttast i praktisk-estetiske fag og undervisning.





JUSI – Jæren ung symfoni er eit orkestersamarbeid med Hå og Klepp kulturskule. Vi fortsett med alders/nivåinndelte grupper og faste øvingar i lokala til Time kulturskule på Bryne. Det er eit godt samarbeid med Jæren symfoniorkester med samspel og konsertar. JUSI deltek på arrangement i både Time, Klepp og Hå.

Jæso – Jæren symfoniorkester. Samarbeider om konsertar og JUSI-deltaking/samspel, amatørsymfoniorkester på Jæren.

Time kulturskule har **mange konsertar og arrangement kvart skuleår.** Fokus på levande kunst- og kulturformidling og aktiv utadretta verksemd for kulturskuleelvane. Overrisle lokalmiljøet med kunst- og kulturformidling – og oppleving. Skulen prioriterer ressursar til å vera ute i kommunen på ulike representasjonsoppdrag for kommunen, næringsliv, kyrkja samt frivillige lag og organisasjonar. Dette er viktige og gode arenaer for øving i formidling/opptreden for elevane og vi ser dette som ei sentral del av undervisningsoppdraget. Elevane får nytta det dei kan og dle dette med andre i ein aktiv og levande formidlingstradisjon.

Mål for all utøvane undervisning:
Alle elevar får opptre/syne fram minst 1 gong pr. semester.
Alle elevar får i periodar undervisning i lag med andre. Dette organiserast i tillegg til eller i staden for individuell time. Lærarane stimulerer elevar som syner særleg interesse for ekstra innsats til å delta på Fredagskulen, eit lokalt fordjupingsprogram innan musikk, dans, drama og kunstfag for elevar frå 7. trinn. (samarbeid med Hå og Klepp kulturskule. Elevar som har høgt nivå og ønskjer å satse på fordjuping vert rettleia med ev. søknad til opptak på UTB (Unge talentar Bjergsted, klassisk musikk og jazz) og Ta-Da (Talentutviklingsprogram i dans, ungdomskompani og ballett). I tillegg hjelper kulturskulen med førebuing til opptaksprøver til estetiske linjer på vidaregåande skular og ev til Høgskule/Universitetsutdanning innan estetiske fag.
Kulturskulen ønskjer å rettleie elevar og føresette til å vera eit godt publikum for dei som opptrer. Vi vil gje både munnleg og skriftleg informasjon som kan auka bevisstgjeringa om det å vera publikum. Dette gjeld for både barn og vaksne.





OPPLÆRING - OPPLEVING - UTØVING

Læringsmiljøplakat – heilskapleg kulturskuleundervinsing

Kulturskulelæraren skal

- Ta ansvar for at eleven/elevane har eit godt og trygt læringsmiljø
  - Møte kvar einskild elev med positiv interesse og fagleg overskot
  - Arbeide aktivt for at elevane får **lære, oppleve og utøve** sitt/sine kulturskulefag
  - Arbeide aktivt etter Rammeplan for kulturskule, fagplanar og eigne utarbeidde årsplanar
  - Gje elevane tydlege mål og delmål i opplæringa
  - Arbeide aktivt med vurdering for læring og motivasjonsretta tilbakemeldingskultur
  - Invitera elevane med til dialog og innspel, gjennomføre oppstartsamtale og kartlegging, undervegs-samtale og sluttsamtale før sommarferien
    (gjennomførast i ordinær undervisningstime)
    Ut frå dette skrive årsplan for enkeltelevar vokal/instrument og grupper
  - Motivera og legge til rette for jamleg øving/trening og eigeninnsats mellom timane
  - Samarbeide med heimen om tilpassingar i undervisninga
  - Ha tett dialog/gjennomføre foreldremøte og foreldresamtalar etter kulturskulen sitt årshjul
  - Delta aktivt i rekrutteringsarbeid og arbeide aktivt med motivasjon, meistring og glede for å behalde elevar over tid slik at dei kan ha glede av og dela kompetansen sin

Mål for kulturskulen sine 5 ulike fagområde skuleåret 2026 – 2027

1 -MUSIKK

Alle elevar har individuell årsplan med læringsmål utarbeidd i lag med sin lærar**.**
Undervinsinga tek utgangspunkt i Rammeplanens kapittel og faghjul for musikk.
Årleg oppdatering av eigne lokale fagplanar for kvart instrument/fag.

Pianoseksjon

- Pianoseksjonen vil ha fokus på forskjellige element av musikk, det inkluderer note- og rytmelæring, puls, besifringsspel og musikkteori.
- Vi fokuserer særleg på notelæring/notelesing. Når eleven kan noter, tileignar dei seg lettare nytt stoff og oppnår raskare progresjon.
- Gode øvingsrutinar er viktig, vi vil arbeide for å skape forståing for aktiv øvingsinnsats. Vi jobbar for at elevane skal vita korleis dei kan øva heime og ha tydlege mål. Vi ønskjer å trekke eleven meir inn i vurdering av eigen læring.
- Fokus på samspeltilbod, der elevane treff samspelpartnarar både på sitt eige instrument og andre instrumentgrupper. Vi har opplegg for å fortsetje med pianoorkester.

- Vi vil fortsette å prøve ut ulike former for gruppeundervisning (med to eller tre elevar). Dei aller fleste pianoelevane har pianotimen sin aleine og spelar i lag med andre av og til.
- Vi utnyttar lærarane sin ulike kompetanse ved fordeling av elevar. Slik får elevane best tilrettelagt og personleg oppfølging.
- Alle elevar får opptre for publikum min. ein gong pr. semester, aleine eller i gruppe/samspel.
- Seksjonen er ansvarlege for Kulturskulen sin Vårkonsert i Bryne mølle, mai månad







Blås/stryk seksjon

- Seksjonen arbeider for læring og utvikling gjennom speleglede og meistring
- Særleg fokus på læring og utvikling gjennom gode øverutinar og motivasjon
- Aktivt arbeid med tydeleg målsetting og tilbakemelding jmf. vurdering for læring og tilpassa opplæring
- Rekruttera og behalde elevar over tid, handverksarbeid å lære seg å spel eit instrument
- Blåse- og strykelevane er synlege lokalsamfunnet og stiller på konsertar og speleoppdrag gjennom heile året, både som solistar og i samspelgrupper
  Elevar og lærar legger opp til å ha tilgjengeleg konsertrepertoar til opptredenar
- Lærarane nytter elev/foreldresamtalar til å avklare kor mykje og kva elevane skal delta på av speleoppdrag og konsertarrangement i løpet av året
  Opptredenar spesifiserast i individuell årsplan for den enkelte elev
- Seksjonen har ansvar for samarbeidskonsert med JUSI og JÆSO i oktober
- Seksjonen har ansvar for førjuls-konsert på biblioteket i desember
- Seksjonen har ansvar for ein skulekonsert, kveldskonsert og i tillegg kurs/workshop for eigne aldersinndelte elevgrupper i kulturskuleveka
- Gjennomføring av pop-up-konsertar for grunnskulen som ledd i synleggjering og rekruttering til opplæring på akustiske instrument
- Legge til rette for akustisk samspel internt og på tvers av lærar:
  Vidareføre orkestersamspel-opplegget JUSI (i samarbeid med Hå og Klepp kulturskule og
  Ekstra samspeltilbod for blåsarar og strykarar (og ev andre instrument)
  Eigne øvingar for blås/stryk i 10.trinnprosjekt
- Sende elevar jamleg til interpretasjonstime/pianoakk og konsertdeltaking

- Stimulere elevar til å delta på Fredagskulen, til ev å søkje musikklinje vgs og ev. UTB
- To av seksjonen sine lærarar er utøvarar med del-stilling knytt til Jæren symfoniorkester To av seksjonen sine lærarar har del-stilling som utøvarar i Trio triol.

Gitar/Band/Slagverk – seksjon





- Vidareutvikle Band som attraktivt samspeltilbod for ungdom
- Etablere bandkultur og rekruttere elevar på gitar, bass, slagverk og vokal ev tangent til deltaking i faste band
- Seksjonen underviser individuelt og i samspelgrupper innan pop, rock og jazzgenre
- Fokus på improvisasjon og gehørlære i tillegg til notelære/tablatur
- Bruk av fast metodebok og tilleggsmusikk
- Det er avsett ressurs til 2 band med fast undervisning, same besetning heile skuleåret
- 10.trinnelevar deltek i band allereie frå januar, vert i tillegg rettleia av faglærar slik at dei er førebudd til å kunne delta i samspelundervisning/orkester, arbeid med å verta godt kjend på tvers av instrumentgruppe/faglærar
- Periodevis samspelopplegg/samansette band av elevar som ikkje har fast band-plass
  Elevane øver i ein kortare og avgrensa periode, gjerne fram mot ein konsert haust og/eller vår/i samband med kulturskuleveka. Seksjonen har ansvar for logistikk rundt dette, at eleven og foreldre blir godt informert.
  Dei ulike instrumentlærarane øver inn songane/repertoaret med den enkelte elev i tida før band/samspel-perioden startar
- Eleven får tydelege krav til eigeninnsats og mål for undervisninga, utganspunkt i eleven sin kapasitet og læringslyst
- Arbeide fram gode konsertinnslag til Band-Bonanzakveld i samarbeid med Hå kulturskule
- Lærarane deler erfaringar og samarbeidar og drøfter/delar gode undervisingsopplegg
- Alle elevar skal ha konkrete og oppnåelege læringsmål med utgangspunkt i elevane sin kapasitet. Lærar utarbeider i dialog med den enkelte elev og utviklar individuelle undervisningsopplegg

- Undervisningsopplegg for nybegynnarar skal bygge på både klassisk og rytmisk tradisjonsbæring. Målet er på sikt å kunne bygge ut eit metodisk opplegg med ulike nivå jmf. lokal fagplan/rammeplan og god elevtilpassing
- Arbeide aktivt for å skape gode øve-rutinar hos elevane. Setje tydelege krav til eleven sin eigeninnsats
- Elevane skal stimulerast og trenast opp til å opptre/delta på kulturskulen sine konsertar og speleoppdrag
- Setje saman elevar til samspel og band, gjerne ilag med songelevar og/eller andre instrumentgrupper. Øving og konsertar i lag med andre instrumentgrupper.
- Lærarane i seksjonen har ansvar for å følgje elevar ute på speleoppdrag
- Alle elevar får opptre for publikum min. ein gong pr. semester, aleine og/eller i samspelgrupper

Vokalseksjon

- Det å læra seg å syngje går ut på å lære seg å bruke sin eigen stemme og kropp som instrument. Dette er ein personleg prosess og det tek ofte tid før eleven kjennar seg trygg og komfortabel. Dette gjeld både på undervisningstimen, i øvingsrutinar og i samband med opptredenar.
- Mange av songelevane er unge og lærarane vil gjere undervisningssituasjonen positiv og trygg
- Målet for undervisninga er i hovudsak å skape meistrinsfølelse og ekte song-glede.
- Gode øve-rutinar må lærast. Det å vera sitt eige instrument krev noko anna av eleven og det syner seg utfordrande for songelevane å arbeide sjølvstendig og på eigen hand mellom timane. Songlærarane fokuserer på dette i sitt metodiske arbeid.
- Elevane lærar enkel grunnleggjande songteknikk som kan brukast innan ulike genre
- Kulturskuleundervisninga fokuserer både på klassisk tradisjon, norsk visegenre og nyare stilartar
- Lærarane arbeider aktivt for at elevar på song/vokal skal delta i band-samspel
- Lærarane arbeider aktivt for at elevar på song/vokal samarbeider med pianoelevar som akkompagnatør
- Lærarane arbeider aktivt med scenisk formidling av tekst og musikk.
- Songelevane er aktive i prosjektarbeid: 10.trinn, internt samsang/kor-opplegg, Samarbeid med Demenskoret og/eller Bankers
- Lærarane arbeider aktivt med songelevar på 10.trinn om soloinnslag og koring. I tillegg innstudering av kor-partiar med andre 10.trinnelevar som del av ungdomsmusikalen.
- Eigen julekonsert for vokalelevar
  Vidareutvikle og utvide tidlegare gjennomførte kor-prosjekt med øving og konsert-opptreden i kulturskuleveka
- Alle elevar deltek i samspill/kor/duett/band/song med pianoakk. Opptrer på semester-avslutningskonsertar, kulturskulekonsertar og er aktivt med på tilfeldige speleoppdrag i kommunen.

- Stimulere til å rekruttere songarar til Fredagskulen, alder frå 7. trinn.
- Arbeide for rekruttering til song/vokalfaget

Musikkterapi og Demenskor





- Kulturskulen har musikkterapi som fag, og elevar med særlege behov får tildelt eigen elevplass på dette faget
- Etablere dialog med skulane om ev rekruttering av fleire musikkterpielevar
- Lærar med kompetanse som musikkterapeut underviser i musikkterapi som er eit eige fagfelt innan musikkpedagogisk arbeid
- Kulturskulen har i tillegg tilbod til skular og barnehagar om å kjøpe teneste til musikkterapi
- Demenskoret er vidareført med stillingsheimel for to kulturskulelærarar, samarbeid med helse/velferd og frivilligheita i Time
- Musikkterapeut og akkompagnerande pianist arbeidar i team og er musikkfagleg ansvarlege for Demenskoret Minneblomen
- I Demenskoret får alle deltakarane tilpassa oppgåver og utfordringar ut frå sitt funksjonsnivå
- Demenskoret opptrer på ulike arrangement etter førespurnad
  Alle oppdrag skal vurderast opp mot kordeltakarane sitt behov for ro og faste rutinar i kvardagen

Bankers

- Tilbod om tilrettelagd band og samspeltilbod i musikk for vaksne integrerte elevar i alder eldre ungdom/vaksne
- Alle deltakarar får tilpassa oppgåver og utfordringar

- Gruppa opparbeider seg repertoar og deltek på ulike arrangement, konsertar og speleoppdrag gjennom heile skuleåret, både i og utanfor kommunen.
  Høgdepunkt er deltaking på den årlege «Fyrfestivalen» i Egersund fyrste helga i juni kvart år. Kulturskulen har tatt over ansvar for organisering av reise/deltaking pga. at kommunen si kulturavdeling ikkje har kapasitet til dette lenger.
- Godt samarbeid med assistentar ved bueiningar/institusjonar/fritid
- Har hatt nytt tilskot av elevar. Gruppa tel i dag 12 medlem som er aktive på faste øvingar og speleoppdrag
- Etablere nytt lærarteam
- Det er mål om å ha mange og varierte opptredenar i 2026-2027
- Bevisst synleggjering av denne type musikktilbod og aktivitet

Musisk seksjon 0-9 år

Tverrfagleg interessefora for lærarar som underviser yngre kulturskuleelvar i førskulealder og på nybegynnarnivå ulike fag
Idèutveksling og drøfting, metodeutvikling, repertoar og prosjektutvikling

- Fagtilboda for desse barna utgjer ein sentral del av kulturskulen sitt grunnprogram som skal gje brukarane ein kreativ og kvalitativ god positiv start for eit innhaldsrikt og langt «kulturskuleliv»
- Fokusområde på grunnopplæring, gruppeundervisning og passande metodikk for elev/elevgruppe
- Mål om at tidleg innsats gir resultat over tid. Dette er elevane (og foreldra) sitt første møte med kulturskulen. Eigen metodikk for dei yngste kulturskuleelevane. Bruk av kreative undervisningsformer som fremmer generell læring, meistring, glede, oppleving og danning.
- Barnehagar og småtrinn på grunnskulen blir invitert til opplevingskonsert i kulturskuleveka
- Tilby musikkformidlingsprogram for dei yngste i barnehagen 2026-2027
- Aktiv deltaking i prosjektgruppe for «Kulturbruå» saman med Rosseland skule, Maurtuå barnehage, Trollongane barnehage. Utarbeide plan etter gitt mandat Time kommune, oppvekst
- Prøve ut og etablere modell med repertoir og metode for «Kulturbruå – kultur i Oppvekst» Barnehage, 1.trinn, Sfo i Rosselandkrinsen. Song- Musikk- og Teaterleik – Kulturskule for alle
- Samarbeid på tvers i eining Oppvekst. Kulturskulen som støttespelar i arbeidet med tidleg innsats og tiltak for å redusera spesialundervisning.





Kulturskulen som aktør for auka bruk av song/musikk/drama i barnets tidlege år: song, musikk og kulturfag som overgangsobjekt frå barnehage til skule, musikkformidling i barnehagen (Foto: Pixabay og Mflb)


Samspel-tilbod

- Det å spela og å syngje i lag er eit sentralt satsingsfelt for Time kulturskule. Samspel er ein viktig del av undervisningsopplegget for alle vokal- og instrumentalelevar.
- Vi har eigen undervisningsressurs både innan akustisk samspel og rytmisk/bandsamspel
- Eigne veker avsett til samspelopplegg, organiserast av faglærarane. Grupper på tvers og innad på fag/instrument
- Lærarane samarbeider og arbeider aktivt med logistikk for å gjera undervisningssituasjonen optimal for elevane. Det er planlagd eige samspelopplegg på hausten og i kulturskuleveka.
- Vi har avsett tid til akkompagnatør/interpretasjon. Alle lærarar med vokal- instrumentalelevar tek ansvar for at aktuelle elevar får nytte seg av dette. Akkompagnatør bidreg på konsertar.



Skulekorps

- Korpsa i Time kommune ønskjer å gje alle sine medlem/musikantar meistringskjensle og glede gjennom samspel og sosialisering på tvers av aldersgrupper
- Korpsa har høgt utdanna instruktørar og dirigentar tilsett via kulturskulen. Dei samarbeidar om god opplæring og gruppeøving for aspirantkorps, juniorkorps, hovudkorps i tillegg til individuell instrumentopplæring
- Skulekorpsa og Lye generasjonskorps har godt samarbeid med kvarandre og med vaksenkorps i regionen.
- Fleire av skulekorpsa har fått ei auke i nye medlemmar som ønskjer å starta som aspirantar. Dette er resultat av godt og solid arbeid frå dirigentar og instruktørar.
  Kulturskulen er med å dekke eit aukande behov for lærarar og instruktørar utan at skulekorpsa vert ruinerte.
- Skulekorpsa er kontinuerleg aktive og synlege i lokalsamfunnet.
- Skulekorpsa skal ha gode overgangsrutinar for ein kvardag som musikant i hovudkorpset.
- Det er aukande behov for kulturskuleplassar til blåsarar og slagverkarar frå skulekorpsa. Det vert gjort sal av undervisningsteneste, men dette er subsidiert og svært kostbart for skulekorpsa som må betala full kostpris.
- Skulekorpsa deltek i regionale og ev nasjonale konkurransar i året og har helgeseminar minst to gonger i samband med dette.
- Dei 3 brassbanda samarbeider om samspel/prosjekt/konkurransar som Vibå Bondebrass.



NMF Rogaland (Foto: Norges korpsforbund – NMF)

- Korpsmedlem vert oppmoda til å delta på Norges Musikkorpsforbund sine sommarkurs.
- Skulekorpsa deltek i kulturskulen sine større konsertarrangement og i det årlege 10.trinnprosjektet og i kulturskuleveka.
- Samarbeidsmøte med kulturskulen 2 gonger pr. år, haust og vår. Styre og dirigentar deltek i lag med kulturskulen sin administrasjon.
- Det skal kontinuerleg arbeidast med rekruttera nye og å behalda skulekorpsmedlem.

- Kvar sesong er korpsa med på ei juleførestilling, kyrkjespeling på julaften, og ein sommartur av ulik lengde. Kvart år spelar me i barnetoget og folketoget på 17. mai på ulike oppdrag frå kommune, region og næringsliv. I tillegg spelar dei på samarbeidskonsertar i kulturskulen.
- Skulekorpsmedlem med undervisning av kulturskulelærar har eigne jule- og sommaravslutningskonsertar eller deltek i lag med kulturskulen.
- Kulturskulen har arbeidsgjevaransvar for tilsette dirigentar og instruktørar i 4 skulekorps; 1 janitsjarkorps og 3 brassband: Bryne, Lye, Frøyland og Rosseland skulekorps. Lye skulekorps fungerer i dag som generasjonskorps.
- Skulekorpsa driftast av det enkelte styre der årsmøtet er deira øvste organ.
- Dirigentar og instruktørar er høgt utdanna og har fagleg samarbeid. Dirigenten samarbeider tett med foreldrestyre og har ansvar for kontakt med instruktørar om utvikling for den enkelte korpsing.
- Skulekorpsa kan etter avtale med kulturskulen utvida ressursen for instruksjon/undervisning i form av ekstra kjøp av % st. Kulturskulen utfører teknisk utlønning og det sendast krav om full refusjon frå aktuelle skulekorps 2 gonger pr. år.



Fokus på rekruttering av nye musikantar og å behalde dei over tid (Foto: NMF)

2 - KUNSTFAG

- Hovudfokus i undervisninga er at elevane skal få kunnskap om og oppleve skaparglede innan kunstfagområdet
  Elevane skal oppleve meistring, utvikling og utfordringar
- Elevane får erfaring med arbeid innan ulike teknikkar og materiale
  Det skal til ein kvar tid vera god kvalitet på materiell til bruk i undervisninga
- Kunstfaget skal vera synleg i kulturskulen sine større tverrfaglege prosjekt
- Mål om å nå ut til eit større publikum via utstilling i ulike offentlege rom i kommunen
- Samarbeidar med basisgruppa for ungdomsmusikal/10.trinnproduksjon jf plakat og ev eigenproduserte kulissar/rekvisittar
- Mål om fleire samarbeidsprosjekt med andre fagområde i løpet av skuleåret
- Arrangere kunstutstillingar minst to gonger pr skuleår
  Elevar frå og med 8.trinn er med og monterer utstillingar og deltek som utstillingsvertar
- Sjå ulike former for kunst til inspirasjon og refleksjon i undervisninga

- Samarbeid med Bryne kunstforening (BFK)
  Arrangere workshops og kunstformidling for elevar på kunstfag og Fredagsskulen i samband med BFK sine utstillingar i lokala 3.etg. på Bryne Mølle
- Open kunstworkshop på Bryne Mølle i samband med Livsgledefestivalen 2027
- Undervisningstilbod i kunstfaglokala ved Time kulturskule/Bryne skule og på Frøyland barneskule, Kverneland
- Kunstfag har eiga gruppe som del av regionalt fordjupingsprogram Fredagsskule Jæren med plass til 8 elevar. Time kulturskule arbeider aktivt for rekruttering av elevar til dette samarbeidstilbodet mellom Hå, Klepp og Time kulturskule



Billedkollage – «Solen» inspiret av Edvard Munch sitt maleri, fellesarbeid v/ elevar på kunstfag (Foto: Kulturskulen)

3 - DRAMA/TEATER

Ramme og utgangspunkt for all drama-undervisning er å skape glede, læring, oppleving, meistring i eit trygt og godt skulemiljø

- Arbeide aktivt for synleggjering og rekruttering til dramafaget i kulturskulen
- Elevane får oppleving og erfaring med å stå på ein større scene med framføring under profesjonell lyd og lys-setting
  Juleførestilling på scenen i Storstova kulturhus der alle gruppene deltek
  Elevane får oppleva utvikling og ny læring via det å få framføre skodespel i eit større scenerom med gode backstageforhald og meir avansert sceneteknikk
  Tekstbasert produksjon og «frå idè til førestilling»-produksjon, i større eller mindre skala.
  Frå fulle sceniske oppsettingar med manus, kostyme, roller, lyd, lys til kortare monologar/gruppeframføringar som del av større konsertarrangement.

Førestilling til jul og sommar i tillegg til ev mindre små-oppdrag.
Synleggjering via skuleførestillingar i juni mnd, publikum frå skulane

- Arbeid med varierte produksjonar på ulike nivå:
  "Frå idè til førestilling" aktivt arbeid med produksjon vs tekstbasert ferdigmanus
  Introduksjon til ulike genre
  Introduksjon til ulike verkemiddel
  Introduksjon til ulike disiplinar
  Arbeid individuelt, gruppevis og på tvers av gruppe
  Arbeid innad i faget vs tverrfagleg
  Arbeid i ulik skala, frå små førestillingar til store og meir omfattande produksjonar
- Fokus på ensemblebygging og samarbeid
  Aktivt undervisningsopplegg for at alle elevar skal kjenne seg trygge og positivt deltakande i undervisninga og i samband med framføringar
  Lærar kartlegg og undersøkjer trivselsnivået til elevane i løpet av eit semester
- Elevane får øve sine formidlingsevner gjennom bruk av stemme og kropp som sentralt hovudinstrument i drama- og teaterfaget
- Teaterlærar er med i basisgruppa for 10.tr. ungdomsmusikal og har hovudansvar for regi og instruktørjobb i denne produksjonen
- Leik som metode er sentralt i dramafaget, det vert nytta me ein del leik i arbeidet med roller og ensembleutvikling
- Dei eldste elevane får sjå minst ein profesjonell førestilling (t.d. ved Rogaland teater) i løpet av eit skuleår
  Teaterbesøk skal stimulere til godt samhald og sosial tilhøyre i gruppa. Det å vera publikum under profesjonelle oppsettingar skal også bidra til læring/ konsumering, refleksjon og inspirasjon til eiga innsats og utvikling
- Drama/teater har eiga gruppe som del av regionalt fordjupingsprogram Fredagsskule Jæren, maks 8 elevar. Tilbodet er eit samarbeid mellom Hå, Klepp og Time kulturskule.
  Time kulturskule arbeidar aktivt for å rekruttere elevar til dette undervisningstilbodet
- Produksjon skal vera eit allment kjend begrep i lærarstaben generelt og verke inn på kvaliteten i alle former for opptreden og formidling
- Mål om kompetanseheving for å styrkje produksjonsfeltet generelt i kulturskulen og i teaterfaget spesifikt deltaking på teaterdagane haust 2026 (lærar) og Teaterfestival vår





4 – DANS

Ramme og utgangspunkt for all undervisning innan dans er å skape glede, læring, kroppsbehersking og meistring i eit trygt og godt læringsmiljø



- Elevane lærar grunnleggjande teknikk innan ballett og jazzdans.
  Undervisning i begge sjangre består av teknikkøvingar, trinnkombinasjonar, koreografi
- Synleggjere og rekruttera elevar til oppstarttilbod i dans, Barnedans 5-6-åringar, førskulealder siste året før skulestart
- Vi nyttar betegninga Jazzleik for undervisnigsgrupper Jazzdans 1.- og 2. trinn
- Barnedans og Jazzleik for 1.og 2.trinnelevar er basert på å utvikle relevant grovmotorisk ferdigheit og fungerer som for-øving til danseteknikk
  Undervisninga er leikbasert med fokus på danseglede og gode opplevingar
  Elevane trener på å utvikle disiplin og sosiale ferdigheitar som igjen legg grunnlag for eit godt og trygt læringsmiljø
- Danseelevar på 10.trinn deltek i tverrfagleg ungdomsmusikal/10.trinnprosjekt i tillegg til ordinær undervisning
- Danseelevar i alder frå og med 3.trinn deltek på felles danseførestilling i Storstova som avslutning på skuleåret i juni månad/før sommarferien
  Ved større produksjonar er det behov for ekstrahjelp, vi leiger inn eldre danseelevar/ assistentar som gjensidig teneste og samarbeid med Hå kulturskule
- Dansegrupper og enkeltelevar/solistar nyttast på ulike oppdrag og opptredenar i løpet av skuleåret
- Dans har eiga gruppe som del av det regionale fordjupingsprogrammet Fredagsskule Jæren, inntil 8 elevar. Samlingsbasert undervisning og interkommunalt samarbeid mellom Hå, Klepp og Time kulturskule. Time arbeider aktivt for å rekruttere aktuelle elevar til dette tilbodet

- Stimulere eldre vidarekomne elevar som ønskjer å satse på dans til å søkje fordjupings-tilbodet Ta-Da Talent dans via Stavanger kulturskule. Time har ein aktive elevar i dette programmet
  Time kulturskule er samarbeidspart i Ta-Da-prosjektet via Inkluderande kulturskule fordjuping med eksterne midlar frå Kulturskolerådet/Sparebankstiftelsen DNB
- Stimulere eldre vidarekomne elevar som ønskjer å satse på dans til å søkje fordjupings-tilbodet Fo-Ta, Fordjuping Talent Dans, via Sandnes kulturskule. Time har fleire aktive elevar i dette programmet i tillegg til danselinja Vågen vgs.
- Elevar er med på å sette mål for eigen utvikling. Kulturskulen arbeider for eit solid samarbeid mellom heim og skule for danseelevane

5- SKAPANDE SKRIVING

- Undervisninga skjer i samarbeid med Garborgsenteret (organisert undr Jærmusèet)
- Fokus på kreativ skriving og formidling av eigne tekst, kreativitet og leiken forteljarglede
- Mål for undervisninga er at elevane skal få finna sin eigen stil og skrivestemme gjennom individuell rettleiing og oppmoding frå sin lærar
- Fagtilbodet beveger seg vidt og utover grunnskulen sitt norskfag alder 6.-8.trinn 2026-2027
- Eleven lærar teknikkar å byggje opp kreativ tekst
- Elevane lærar å formidle og å dele eigne tekstar til eit publikum
- Elevar og lærar deltek på konsertar/arrangement med opplesing av elevande sine tekstar
- Manusarbeid og skrivefaget er sentralt i arbeid med manus til den årlege ungdomsmusikalen/10.trinnprosjekt. Lærer deltek i basisgruppa og arbeider aktivt med ungdomane i utarbeiding av manus til førestilling
- Samarbeid med andre fagseksjonar i aktuelle prosjekt
- Arbeide aktivt for å rekruttera fleire elevar til faget, kontakt med norsklærarar i skulen samt annonsering via Garborgsenteret Time bibliotek, SoMe, nettside og annonse i Jærbladet
- Produksjon av ny bok med tekstar frå elevane ved slutten av skuleåret, samarbeid med kunstfag
- Eigen «skrivetur»/ ut av huset, inspirasjonsaktivitet og oppleving av skrivekunsten sett i lys av eit større kulturmangfald. Besøke skrivegruppe på Sølvberget kulturhus i Stavanger
- Synleggjere faget gjennom deltaking på ulike arrangement gjennom skuleåret






La snøen dala ned

La snøen dala ned og pakke seg rundt alle konfliktar.
La snøen ta kvelartak på alle stygge kommentarar
heilt til det ikkje er noko igjen til våren.
La snøen klemma seg rundt all fattigdom
og passa på at han er borte neste år.
La snøen dekka til alle våre feil,
Sånn at dei smeltar vekk,
og lar dei stå igjen med eit blankt ark til det nye året

Trompet

Då eg spelte trompet
pusta eg inn våren.



Ein heil halvtime

Lyset flakkar og lagar skin på veggen
Det luktar stearinlys.
Ho sit der heilt aleine eg ser henne gejnnom vindauget.
Det er bare eg som besøkjer henne
Stakkars mormor
alle dei andre barnebarna hennar er for opptekne
til å gå på besøk.
Eg opnar og går inn til henne.
Ho lyser opp når ho ser meg.
Smilet hennar kunne lyst opp tusen rom.
Etter ein halvtime må eg gå.
Lyser har brent ned og ho ser så lei seg ut.
Eg går ut frå gamleheimen.
Denne gongen kjende ho meg igjen i ein heil halvtime

Vedlegg 1

TIME KULTURSKULE - ÅRSHJUL FOR TILSETTE 2026-2027

Kontinuerleg oppdatering gjennom skuleåret Med atterhald om ev. endring og oppdatering

August 2026:

1.-16.8	Avspasering/eigenplanlegging for lærarane
3.8	Opning av kontoret etter ferien (adm.)
17.8	Planleggingsdag 1 - Obligatorisk kl.09.00-15.00. Referat adm. Landsdal/tur
18.8	Planleggingsdag 2 - Obligatorisk kl 09.00-15.00 Referat adm. På huset
19.8	Eigenplanlegging for lærarane, timeplan Speedadmin, fagførebuing – ikkje oppmøteplikt
19.8	Fyrste skuledag for alle grunnskulane i Time kommune
20.8	Eigenplanlegging for lærarane i forkant av elevoppmøte på ettermiddagen
20.8	Rekrutteringskonsert Lye skulekorps kl 09.00, aula Lye skule
20.8	Felles oppstart av kulturskuleåret NYE elevar m/ lærarar i Store aula + rom Kl. 17.00 - Kunstfag, Skapande skriving, Song, Slagverk Piano, Barnedans Kl. 18.00 - Fløyte, Fiolin, Klarinett, Saks, Messing, 1.-7.trinn Ballett og Jazzdans Kl. 19.00 - Gitar. El-gitar, El-bass, Band, Drama, 8.trinn - vgs Ballett og Jazzdans Elevinnslag/kunstnarisk x 3 pr time
20.8	Open kveld nye medlem/aspirantar Lye skulekorps, Aula Lye skule kl 17.30
20.-27.8	Kulturskuleposten haust 2026 m/ skulerute Time kulturskule Intro. og info om nytt skuleår, betalingsvilkår m.m. til alle elevar/føresette. Mail + dele ut lapp til elevar på oppmøtedag og time fyrste veke + nettside
24.8	Fyrste undervisningsdag kulturskulelevar og skulekorps, jf. timeplan Speedadmin
25.8	Oppstart Demenskor-øvingar haust 2025 kl. 17.00-18.00, Sivdamsenteret
27.8	Plangruppemøte kl. 11.00-13.00
28.8	Oppstart Kulturbruå 1. trinn Rosseland skule, 4 grupper/klassar
31.8	Oppstart-møte 10.trinn-prosjekt kl. 11.30-13.00, alle lærarar med 10.tr.elevar

September 2026:

1.9	Siste søknadsfrist FREDAGSSKULE JÆREN sesong 2026-2027 (f.o.m.7.trinn eige skjema)
2.9	Trio Triol inst.konsertar
4.-6.9	Oppstartseminar Frøyland skulekorps
5.9	Oppstartseminar m/hentekonsert JUSI eldste gr. kl.10.00-14.00, Time kulturskule
7.9	Personalmøte 1 kl. 10.45-12.45, Time kulturskule. Tema: Pianoseksjon. Ref: Siri V
7.9	Oppstart Kulturbruå SFO Rosseland skule, 2. trinn
7.9	Kickoff 10.trinnprosjekt kl. 19.30-21.00, store aula + lille aula
11.9	Fredagsskule Jæren, lærarmøte med planlegging sesong 2026-27 kl 10.00-12.00
14.9 (veke 38)	Seksjonsmøte 1 - alle seksjonar kl. 11.00-13.00, ev avtalt anna dag/tid Tema: Status oppstart, samarbeid og prosjekt haust`26, planlegge årshjul, mål Foreldreplakaten, drøfte innhald foreldresamtalar, foreldremøte gruppefag
14.9	Planleggingsmøte Juleførestilling, produksjonsgruppe kl. 11.00-12.00
14.9	Oppsummering Kick-off/framdrift 10.tr. alle involverte lærarar kl. 12.00-13.30
16.9	Trio Triol inst.konsertar
17.9	Plangruppemøte kl. 11.00-13.00
18.9	Frist signering Arbeidstidsavtale, alle lærarar inkl. tilsette i skulekorps
21.9	10.trinnmøte m. musikkutval kl. 11.30-13.00. Basisgruppe
21.9	Demenskoret Minneblomen Opptreden Storstova, felles med Hå, Gjesdal, Klepp
24.9	Kulturskuleprosjekt Kul-I-grunn 7.trinn Bolk 1 – Oppstart Lye skule
28.9	Person3almøte 2 kl.10.45 – 12.45 Tema: Blås/strykeseksjon. Referat: Elin
29.9	SU-møte nr 1 kl. 17.00-18.30
30.9	Konsert kl. 18.00 aula Rosseland Blås/stryk m/ JUSI (møte 17:00) og JÆSO

Oktober 2026:

1.10	Påmeldingsfrist for skulekorps til Stavanger Open 2026
1.10	Påmeldingsfrist til Skulemøtedagen/Felles kursdag (fred. 13/11)

1.10	Frist ferdigstilling av indiv. årsplan instrumental/vokal og årsplan for gruppefag
5.-9.10	Haustferie (veke 41) = avspasering
14.10	Trio Triol - inst.konsertar
16.10	Fredagsskule Jæren, nr 1 – Oppstart, kl. 15.15-17:45, Læraroppmøte kl. 14.15
17.10	Oppstartseminar m/hentekonsert JUSI mellom-gr. kl.10.00-14.00, Time k.skule
12.-27.10	Samspelveker band/gitar/slagverk (veke 42 og 43, felleskonsert veke 44)
19.10	Opning av brukarundersøking - start foreldresamtalar og foreldremøte
19.-22.10	Samspelveke pianoorkester veke 43 (eigen timeplan m/ hentekonsert pr gruppe)
19.-22.10	Samspelveker song/kor veke 43 (eigen timeplan, øving til juleførestillinga)
20.-21.10	Kulturskolerådet Rogaland medlemsmøte og årsmøte
23.10	Fredagsskule Jæren nr 2 kl 15.15-17.45, Læraroppmøte kl. 14.45
26.10	Kvalitetsteam møte nr 1 kl. 11.30-12.30
27.10	Samspelkonsert m/opplegg frå samspelveker, store aula klokka 18:00 (band,gitar,sl.v)
28.10	Trio Triol - inst.konsertar
28.10	Fellesmøte kulturskule og skulekorps kl. 19:00-20.30 (dirigentar/lærararar) NB!
29.10	Foreldremøte DRAMA-grupper kl. 18:00, store aula
29.10	Plangruppemøte kl. 11.00-13.00
30.-31.10	Stavanger Open-seminar Frøyland/Rosseland/Lye

November 2026:

2.11	Personalmøte 3 kl. 10.45-12.45 Tema: Kunstfag. Referat: Dyveke
6.11	Fredagsskule Jæren nr 3 kl 15.15-17.45, Læraroppmøte kl. 14.45
9.-13.11(veke 46)	Seksjonsmøte 2 - alle seksjonar kl. 11.00-13.00, el ev anna dag/tid. Eigne oppgåver via mail **Tema:** Status haustsemester, planlegge felles julearr. Storstova,eigne juleavslutningar, Fagplanarbeid m/oppgåver
10.11	Godkjenning søknadar og nominering Drømmestipend 2026, Kulturskolerådet
11.11	JUSI - Felles konsert med Hå kulturskule, kl. 17.00 Jadarheim (oppmøte 16.30)
11.11	Trio Triol - institusjonskonsertar
13.11	Kursdag: Kompetanseheving, felles obligatorisk 09.00-15.00 StavangerForum/Sandnes
14.11	Stavanger Open for skulekorps, Stavanger konserthus
16.11	10.trinnmøte kl. 11.00-13.00 Basisgruppe
17.11.	Kl 12:00 - Søknadsfrist til Drømmestipend 2027
18.11	Trio triol – institusjonskonsertar
19.11	Kulturskuleprosjekt 7.trinn Kul-I-Grunn Lye skule, aula. Øving/Gen.prøve 09.00 Skuleførest. Kl 12.00 + kveldsførestilling kl 17.30
19.11	Bandbonanza konsert samarbeid med med Hå - Jadarheim på Nærbø.
20.11	Fredagsskule Jæren nr 4 kl. 15.15-17.45, Læraroppmøte kl 14.45
24.11	SU-møte nr 2 kl. 17.00-18.30
26.11	Plangruppemøte kl. 11.00-13.00
26.11	Drama/teaterelevane øvar med repetitør til juleførestilling
27.11	Fredagsskule Jæren nr 5 kl. 15.15-17.45, Læraroppmøte kl 14.45
28.11	Julegrantenning Frøyland skulekorps, på Frøyland
29.12	Julegrantenning Bryne skulekorps, på Bryne torg
29.12	Julegrantenning Lye genkorps, på Lye
30.11	Personalmøte 4 kl. 10.45-12.45 Tema: Musisk Referat: Torill
30.11	Stenge brukarundersøking - avslutte foreldresamtalar og foreldremøte

Desember 2026:

1.12	Frist for oppseiing av elevplass for våren 2025
1.12	UKM Jæren 2026 Påmelding via nettside, lærarane minner elevane om dette
1.12	Øving song og musikkelevar m/ pianist til juleførestilling, Kl 17:00
1.12	Manus 10.trinnsprosjekt ferdigstilt frå skrivegruppa og Heidi
1.12	Dans open klasse m/ føresette 1.2.trinn Bryne kl. 16.30 store aula
1.12	Elevkveld m/ føresette dans og ballett 3.-7.trinn Bryne, Store aula kl 17.30-18.30
1.12	Elevkveld m/ føresette dans og ballett 3.-7.trinn Bryne, Store aula kl 18.30- 19.30
2.12	Dans open klasse m/ føresette 1.-2.trinn Frøyland, kl. 15.45 Frøyland u.sk
2.12	Elevkveld m/ føresette dans 3.-7.trinn Frøyland, kl. 16.30 ev 17.30 Frøyland u.sk

2.12	Trio Triol
3.12	Dans open klasse m/ føresette Barnedans og ballett 3-4 Bryne kl. 16.30 lille aula
4.12	Personalkveld: Rogaland teater & ut å spise, Stavanger kl 18.00-22.00
5.-6.12	Jol i skomakergata, skulekorps i lag med Bryne musikkorps
6.12	Bankers oppdrag Undheim kyrkje kl. 11.00
7.-8.12	Oppheng kunstfagutstilling Storstova forajè (juletema)
7.12	Øving til Juleførestilling, Storstova 15:00-19:00
8.12	Kulturskulen si Juleførestilling inkl. Kunstfagutstilling i foajè. Elevoppmøte 15:30 Generalprøve 16:00 Førestilling 18:30 Kunstfagelevar inviterast som publikum (fribillett reserverast) Drama har ikkje eigne førestillingar utover dette.
10.12	Casting, rollefordeling 10.trinn kl 16.30-17:30 Store aula (Torill og Dyveke)
13.12	Julekonsert Frøyland skulekorps, Kvernaland samfunnshus 14.12
14.12	Kvalitetsteam møte nr 2 skuleåret 2026-2027, Kl 12.00-13.00
14.-17.12	Kunstfagutstilling galleri 3.etg Bryne Mølle
14.12	Oppheng måndag 14.12 dagtid
14.12	Open utstilling Måndag kl 17.00-19.00
15.12	Tysdag kl17.00-19.00
17.12	Torsdag kl 17:00-19.00
17.12	Henting av elevarbeid torsdag kl. 19:00-20:00
14.-21.12	Juleavslutningsarrangement/konsert, alle musikkelevar og skapande skriving (eigen plan/rom/tid)
15.12	Søknadsfrist kulturskulestipend 2027
16.12	Trio Triol
21.12	Siste undervisningsdag/arrangement i kulturskulen før jul
22.12	Siste skuledag i grunnskulen før jul (opprydding m.m. for kulturskulelærarar)
23.12-3.1	Juleferie (avspasering og heilagdagar)

Januar 2027:

4.1	Obligatorisk planleggingsdag 3- kl. 09.45-14.00. Tema: korpsseksjonen. Ref. Adm
5.1	Oppstart undervisning etter juleferien jf ordinær timeplan (grunnskulestart same dag)
5.1	Oppstart Demenskor-øvingar vår 2027 kl. 17.00-18.00, Sivdamsenteret
6.1	Trio Triol - inst.konsertar
7.1	Kulturskuleskuleprosjekt 7.trinn Kul-I-grunn Bolk 2 Oppstart 7.trinn Bryne gr 1-2
8.1	Songskattane øving ute på skulane: Undheim, Lye, Frøyland (korleiar og pianist)
8.1	Fredagsskule Jæren lærarmøte med evaluering og planlegging kl. 13:30-14.45
8.1	Fredagsskule Jæren nr 6 kl. 15.15-17.45, Læraroppmøte forsett etter lærarmøte
11.1	Felleskveld 10.trinnelevar: Manuspresentasjon, roller, inv.lærarar kl. 19.30-21.00
13.1	Trio Triol - institusjonskonsertar
15.1	Musikkformidliong for dei yngste i barnehagen, Oppstart prosjektbolk
15.1	Songskattane øving ute på skulane: Bryne og Rosseland (korleiar og pianist)
15.1	Audition til Kulturskulestipend v/ Plangruppa kl. 15.00-20.00
16.1	Oppstartseminar JUSI yngste gruppa, kl. 10.00-14.00 Time kulturskule (aula)
18.1	10.trinnmøte basisgruppe kl. 12.00-13.30
18.1	Jurymøte for stipendtildeling v/ Plangruppa kl. 11.00-12.00
22.1	Fredagsskule Jæren nr 7 kl 15.15-17.45, Læraroppmøte kl. 14.45
22.-31.1?	Garborgdagane, Bryne Ev. Samarbeid?
25.1/ veke 4	Seksjonsmøte 3 kl. 11.00-13.00, el ev anna dag/tid Tema: Kulturskuleveka, midtevaluering, fagplanar
28.1	Plangruppe kl. 11.00-13.00

Februar 2027:

1.2	Personalmøte 5 kl. 10.45-12.45. Tema: Gitar/slagverk. Referat: Øyvind
3.2	Trio Triol - Institusjonskonsertar
5.2	Fredagsskule Jæren nr 8 kl 15.15-17.45, Læraroppmøte kl. 14.45
7.-12.2	**Kulturskuleveka 2026 (Veke 6)** Workshops, arr. og konsertar – eigen plan
7.2	Kulturskulestipendutdeling Sekkelageret kl. 17.00, Arrangement/konsert
8.2	10.trinnmøte basisgruppe kl. 11.00-13.00

9.2	SU-møte nr 3 kl 17-18:30
10.2	Trio Triol Inst.konsertar
11.2	Plangruppe kl. 11.00-13.00
	UKM Jæren - Mønstring for Hå, Klepp, Gjesdal og Time – Meld på elevar!
11.2	Felleskonsert Hå/Klepp/Time Kl 18:00 JUSI Klepp Plogen kulturhus (møte 17.00)
15.2-19.2	Vinterferie (veke 7)
22.2	Kvalitetsteam Møte nr 3 kl. 12.00-13.00
26.2	Fredagsskule Jæren nr 9 kl 15.15-17.45,
	Læraroppmøte kl. 14.45 - lyd og sceneprøve
27.2	Fredagsskule Jæren Avslutningsarrangement med generalprøve samling nr 10
	Elevoppmøte 12:00 Oppstart 14:00

Mars 2027:

-	Samarbeidsmøte Jæren symf.ork og Klepp/Hå/Time kulturskule
-	Årsmøte Jæren symfoniorkester
-	Årsmøte Time kulturråd
1.3	Personalmøte 6 kl. 10.45-12.45. Tema: Vokalseksjon. Referat: Siri H.
3.- 4.3	Songskattane DKS (Veke 10), prosjektansvar v/Kulturskulen, Storstova dag/kveld
5.3	10.trinnprosjekt, Orkester-øvingshelg Fredag: 15:30-18.00
6.3	10.trinnprosjekt, Orkester-øvingshelg Laurdag: 10:00-13.00
6.-7.3	Teaterfestival nettverk Rogaland på Sola kulturhus (2 eldste teatergrupper)
8.3	Fysisk vernerunde kl. 12.00-13.00, Kulturskulen + andre bygg datofestast
10.3	Trio Triol – inst.konsertar
11.3	Kulturskuleprosjekt 7.trinn, Kul-I-grunn. Avslutningsarr. Bolk 2, Bryne skule gr1-2
	Gen.prøve 09.00, Skulekonsert 12.00, Kveldskonsert store aula kl. 17.30
11.3	Evalueringskonferanse Inkluderande kulturskule Fordjuping, Trondheim
12.3	Plangruppemøte kl 11.00-13.00 (unntaksvis fredag)
12.3	10.trinn fellesøving store aula kulturskulen kl. 16.30-20.30
14.3	Bankers opptrer på Livsgledegudsteneste Bryne kyrkje Kl. 11.00
16.3	10.trinnprosjekt Frakt+Rigg kl. 10.00-13.00. Lydprøve m/elevar kl. 15.00-16.00
16.3	10.trinnprosjekt øving, Storstova kl. 16.00-19.00
17.3	10.trinnprosjekt øving og gen.prøve Storstova kl. 08.30-14.15 (læraroppm 08.00)
17.3	Trio Triol – inst-konsertar
18.3	10.trinnprosjekt 3 skuleførestillingar Storstova kl. 09.30, 11.00, 12.30
	(læraroppm 08.30)
18.3	10.trinnprosjekt 1 open kveldsførest Storstova kl. 18.00 (elevoppmøte 17.00)
19.3	10.trinn 3 skuleførestillingar Storstova kl. 09.30, 11.00, 12.30
	Rydding kl. 13.30-15.00 (alle lærarar og elevar)
22.3-29.3	Påskeferie
30.3	Obligatorisk planleggingsdag 4 - kl. 09.45-14.00
31.3	Oppstart undervisning etter påskeferien

April 2027:

1.-2.4	Leiarkonferanse Norsk Kulturskoleråd Oslo
1.4	Kulturskuleprosjekt 7.trinn, Kul-I-Grunn Bolk 3 Oppstart Bryne skule gr 3-4
2.4	Fredagsskule Jæren Lærarmøte m/ eval. og planlegging haust`27 Kl.10.00-12.00
3.-4.4	RM – Rogalandsmesterskapet for skulekorps, Stavanger
5.4	10.trinnprosjekt Evaluering alle lærarar kl. 11.30-12.15 Basisgr. 12.15-13:00
15.4	Utsending melding om Re-registrering for elevar til neste skuleår 2027-2028
19.4	Møte nr 3 Kvalitetsteam kl. 10.00-11.00
? .4	Skulekonsertar POP-UP for 1.-2.trinn Ansvar: Blås/stryk
	Ev. Rekrutteringsopplegg/skuleframsyningar andre fag?

Mai 2027:

1.5	Offisiell fridag
1.5	Søknadsfrist og frist RE-registrering for nytt skuleår 2027-2028
1.5	Frist for oppseiing av elevplass for hausten 2076
5.5	Trio Triol

6.5	Kr.himmelfartsdag, offisiell fridag
7.5	Ekstra fridag (avspasering)
10.5	Personalmøte 7 kl. 10.45-12.45. Tema: Dans. Referat: Tord-Viljar
11.5	SU-møte nr 4 kl. 17.00-18.30, møterom aust kulturskulen
12.5	Trio Triol
13.5	Plangruppemøte kl 11.00-13.00
13.5	Vår-konsert Sekkelageret/ Bryne Mølle kl. 18.00 og 19.15 Ansvar: pianoseksjonen
17.5	Offisiell fridag – og 2.pinsedag, arbeidsdag for skulekorps
20.05	Bandbonanza konsert samarbeid med Hå Jadarheim på Nærbø.
24.5/veke 21	Seksjonsmøte 4 - alle seksjonar kl. 10.45-12.45, el ev. anna alternativ dag Tema: Evaluering året som var, planlegging/tekst nye innspel utviklingsplan
27.5	Kulturskuleprosjekt 7.trinn Kul-I-Grunn Avslutningsarr. Bolk 3, Bryne gr 3-4 kl Skulekonsert 12.00 & kveldskonsert 17.30
28.29.5	Fyrfestivalen Egersund, Bankers
31.5	Kvalitetsteam møte nr 4 kl 12.00-13.00

Juni 2027:

31.5-7.6	Samspelopplegg rytmisk musikk
1.6	Frist for seksjonane; innlevering med evaluering og nye innspel til Utviklingsplan
1.6	Visningsklasse Jazzdans 1.2.trinn Bryne Store aula kl.16.30
2.6	Trio Triol - inst.konsertar
2.6	Visningsklasse Jazzdans 1.2.trinn Frøyland 14:45
?	Planleggingsmøte Bryne skulekorps
?	Planleggingsmøte Frøyland sk.korps kl 20.00, aula Frøyland skule ?
	Planleggingsmøte Rosseland skulekorps kl. 19.00, aula Rosseland skule
?	Planleggingsmøte Lye skulekorps kl. 18.30, musikkrom Lye skule
4.6	Plangruppe utvida 10.00-14.00 NB! FREDAG møterom rådhuset
7.-10.6	Oppheng kunstfagutstilling Bryne Mølle 3.etg
7.6	Teaterførestilling 4.-6.trinn kl. 17.15 (elevoppmøte kl. 16.00), Store aula Teaterførestilling 7.-8.trinn kl. 18.15 (elevoppmøte kl. 19.30), Store aula
7.6	Dans, Sceneprøver Storstova kl. 15.00-18.00 (frå 3.trinn)
8.6	Danseførestillingar x 2, generalprøve, framsyning kl. 17.00 og 19.00 Storstova (frå 3.trinn)
9.6	Trio Triol – inst.konsertar
10.6	Visningsklasse barnedans, Lille aula kl 16.30
10.6	Teaterførestilling 9.-10.trinn Skuleframsyning kl.11.30 & 13.00 (elevoppmøte 09.00) Kveldsframsyning kl. 18.00 (elevoppmøte kl.17.20)
14.-17.6	Kunstfagutstilling Galleri 3 etg. Bryne Mølle (BKF) Oppheng fredag 11.6 dagtid Ope for publikum/elevar månd. kl 17.00-19.00 torsd. kl 17.00-19.00 Henting torsdag kl 19.00-20.00
14.6	Personalmøte 8 kl 09.30-14.00 (ut av huset) Tema: Evaluering/planlegg Ref. Adm
14.-15.6	Sommarkonsert, Rytmisk musikk
15.-21.6	Sommaravslutningskonsertar/semesteravslutningsarrangement musikkelevar
19.6	NM for skulekorps Brass, Stavanger. NM for skulekorps Janitsjar, Larvik
21.6	Siste undervisningsdag/arrangement/arbeidsdag i kulturskulen
22.6	Siste skuledag grunnskulen

Vedlegg 2 Tiltaksmatriser i økonomiplan, måloppnåing Time kulturskule

	Tiltak	Måloppnåing	Ansvar	Resultat i eigen organisasjon
Felles tiltak i oppvekst	Tilsette i Oppvekst planlegg slik at aktivitetar i løpet av ei veke balanserer det fysiske, analoge og digitale	Ok	Leiarteamet på skulane	Kulturskulen har slagord Time kulturskule - Levande kunst- og kulturopplæring. Dette gjenspeglast i hovudsakeleg deltakande fysisk undervisning i praktisk estetiske fag. Lærarane nyttar likevel digitale hjelpemiddel i både undervisning og produksjonasarbeid.
	Det skal gjennomførast analyse og utarbeidast oversikt i alle tenestene på kva kompetansebehov som trengst for å oppfylla krav i forskrifter og lovverk	Ok	Leiarteamet på skulane og fagstab oppvekst	Det er utført analyse av kulturskulepersonalet sin kunstfaglege og pedagogiske kompetanse jf. 4.1.2 "Ansattes kompetanse" i Rammeplan for kulturskule – kulturskule for alle (2025), for kvalitetssikring med relevant utdanning som pedagogisk personale innan kunst- og kulturfag, samt for arbeid med kunstnariske fag knytt mot helse/velferd og teknologi. Kartlegginga har ført til prioritert aktiv vidareutdanning frå haust 2025: PPU musikk deltid Udir-stipend 2 lærarar (UIS og HVL Stord) Musikk og helse 1 lærar (NMH) Digitale jazzstudier-Digjazz 1 lærar (UIS) Musikk og teknologi 1 lærar (HVL) Alle lærarstillingar i kulturskulen lysast ut med ønskja kunstnarisk utdanning på fortrinnsvis master ev. bacheleornivå integrert el. vidareutdanning i pedagogikk/PPU. Rektor Mangfoldleiingsprogram
	Alle tenestene i Oppvekst skal vera med på å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet. I 2026 skal tal på vedtak og omfang i timar vera halvert samanlikna med tal frå 2023 i alle verksemder	Ok – med vidare utvikling og samhandling	Samhandling på tvers av einingar og Kulturskuleadm. i samarbeid med personalet	Kulturskulen arbeider aktivt med tilrettelegging, inkludering og tilpassa undervisning. Del av laget rundt barnet/Laget rundt eleven. Ein del av musikkundervisninga skjer individuelt eller i smågrupper. Andre fag har større grupper der aktivt arbeid med klasseleiing, disiplin, trivsel og tilhøyre skal tilpassast læring på både individ og gruppenivå. Det eksisterar ikkje eigne vedtak for kulturskuleelevar. Det arbeidast

				likevel aktivt for at alle skal kunne delta i kulturskulen sitt undervisningstilbod. Det er særleg tildeling av nokre individuelle elevplassar i musikkterapi og for tilpassa musikkgruppe. Prosjekt retta mot grunnskule og barnehage baserast på inkludering og mangfald - kulturskule for alle - der tilsette frå skule/barnehage deltek aktivt i kulturskulen sitt undervisningsopplegg i lag med sine elevar/barn. Kulturskulen har friplassordning for elevar frå flykningbakgrunn og barn/ungdom frå låginntekstfamiliar. Det er samhandling med Alle-med-koordinator, lærarar, helsesjukepleiarar og PPT om forsering av plass. Kulturskulen kan i utvida grad vera ein ressurs for barn/unge som treng ein alternativ lærings- og meistringsarena utover skule og barnehage.
Kulturskule Grunnskule	Følga opp overordna plan for innkjøp og rullering av utstyr for tenesteområda i Oppvekst	Pågåande arbeid, noko etterslep pga økonomi	Stab og kulturskuleadm.	Tilskotsordninar søkbare støtter økonomien, men må ha eigen berekraft etter avslutta prosjektperiode. Kulturskulen søkjer om eksterne midlar til m.a. innkjøp av instrument og modernisering av teknologi til bruk i undervisning og formidlingsarrangement. Det er begrensa om - og kor store summar ein vert tildelt etter søknad. Modernisering og oppgradering av intrumentpark. I tillegg er det nytta rest frå tidlegare statlege fondsmidlar til investering i moderne teknologi. Kulturskulen må vera del av plan for komande innkjøp og rullering av utstyr for tenesteområde i Oppvekst. Alle tilsette har gått over frå stasjonær pc til kommunal lap-top. Nokre lærarar har framleis Ipad til bruk i undervisningssamanheng.

Vedlegg 3 Strategiplan Oppvekst – Måloppnåing Time kulturskule

Oppdrag	Strategiplan oppvekst	Status pr juli 2026
Delta i samarbeidsorgan på tvers av einingar knytt til auka samhandling mellom kulturskule, barnehage, SFO og skule	2 Samhandling for førebygging og tidleg innsats	Desember 2025-Januar 2026: Etablert nytt samarbeidsfora «Kulturbruå – Kultur i oppvekst» Kunst- og kulturfag som overgangsobjekt mellom barnehage og skule/Sfo. Robust skulestart. Mandat forankra i oppvekst/skule/barnehage Oppfyller samfunnsoppdrag i politisk vedteke "Rammeplan for kulturskule –kulturskule for alle". Del av Time kulturskule sitt Breiddeprogram. "Kommunal samskaping – med kulturskulen som døråpnar, lokalt utviklingsarbeid" (KS/Kulturskolerådet)
Oppretta kulturskuleplassar innan musikkterapi	3 Inkluderande samfunn	Kulturskulen har no fast eige fag for musikkterapi, individuelt i tillegg til demenskor og Bankers. Synleggjering av tilbodet har ført til auka behov for desse plassane. Føresette kan søkje inn barn/ungdom på ordninær kulturskuleplass i faget musikkterapi. Ev ny ATO-avdeling bør ha musikkterapiteneste. Profesjonsutøving lærar med særleg kompetanse som musikkterapeut. Ønskja utvida samarbeide med PPT og skular om musikkterapi for barn/ungdom i barnehage og skule Kulturskule for alle. Utover dette er all kulturskuleundervisning tilrettelagd og tilpassast enkeltelevar.
Ta initiativ til samarbeid med barnehage om kulturskuleprosjekt, og utviding av prosjekt i samhandling med grunnskule	2 Samhandling for førebygging og tidleg innsats	Grunnskule: Songskattane i samarbeid med DKS 4. trinn. "PUSTEROM" Musikkproduksjon på 7.trinn involverar psykisk helse som tema. Barnehage: 1)I eventyrskogen (aktivt musikkteater for 3-5/6 år) 2) Song og spilloppar (musikkleik 0/1-2 år) 3) Nytt prosjekt vår 2026 Knytt til overgang 5/6 åringar barnehage – 1.trinn grunnskule

		og Sfo Kulturbruå – Kultur i oppvekst
Utarbeide eigen plan for auka deltaking i brukarundersøkinga for foreldre	1 Trygge foreldre	Neste brukarundersøking for Time kulturskule haust 2026 Det er utarbeidd tiltaks/handlingsplan med mål om auka foreldresvar. denne ligg til grunn for gjennomføring av Brukarundersøkinga. Planen inneheld særleg fokus på endring av rammer kring foreldreundersøkinga. Plan er gjengitt i Utviklingsplan under avsnitt «Kulturskulen sitt arbeid: Strategiplan kap 1 Trygge foreldre» Det er utarbeidd eigen plan med tiltak som iverksettast haust 2026.

Bryne, juli/august 2026

Time kommune